



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen

The digital development in the accounting
industry

Dagny Sæbø Nesse og Marit Rygg Fredheim

Kandidatnummer: 275 og 210

Bachelor i økonomi og jus

Institutt for økonomi og administrasjon

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Rettleiar: Jon Arve Hatlevoll

Innleveringsdato: 19.05.2021

Vi stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Denne bacheloroppgåva er vår avsluttande del av det treårige studiet Økonomi og Jus ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Arbeidet har føregått jamt over vårt siste semester frå januar til mai. Prosessen har vore krevjande, til tider frustrerande, og konstant i tankane, men ikkje minst ein lærerik prosess. Det er så mykje vi kunne ha skrive og fordjupa oss i, men med lite ressursar måtte vi begrense oss. Vi har oppi det heile hatt det kjekt i kvarandres selskap, og det er vemodig å skulle levere oppgåva som representerer slutten på studiet.

Vi vil takke veiledaren vår, Jon Arve Hatlevoll for gode råd og veiledning gjennom prosessen. Vidare vil vi takke respondentane våre med gode utfyllande svar og tilbakemeldingar. Det har vore til god hjelp for å belyse problemstillinga. Vi må ikkje gløyme å takke familie som har hjelpt med korrekturlesing og kome med relevante faglege innspel.

Høgskulen på Vestlandet, Sogndal

Dagny Sæbø Nesse & Marit Rygg Fredheim

19.05.2021

Samandrag

Vi har hatt ein ekstra interesse for rekneskapsfaga gjennom bachelorstudiet. Dette gjorde at vi ville forske på rekneskapsbransjen, og tema fell naturleg på digitalisering ettersom det lenge har vore-, fortsatt er- og kjem til å vere relevant, også i framtida. Føremålet med oppgåva har derfor vore å undersøkje kor langt den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen har kome. For å lettare belyse problemstillinga vart det utforma tre forskings spørsmål. Ettersom vi studerer og bur i Sogndal, valgte vi å avgrensa forskinga til Indre Sogn.

Gjennom oppgåva har vi nytta eit deskriptivt forskingsdesign og ein kvantitativ metode. Her har vi vore innom dei ulike metodane, før vi valte metode og design som var mest passande for oppgåva. Herunder gjorde vi også greie for oppgåvas validitet, utvalet vårt, primær- og sekundærdata, og forskningsetikk.

Når strukturen var på plass byrja vi innsamling av sekundærdata. Her har vi skrive om blant anna historien til rekneskapsføring, digitalisering og skybasert rekneskap mm.

Når sekundærdataen var på plass, byrja vi innsamling av primærdata. Vi brukte SurveyXact for å samle inn datamateriale. Vi sende ut to spørjeundersøkingar, ei til rekneskapsbyrå- og ei til aksjeselskap i Indre Sogn. Når datamateriale var samla inn, drøfta vi dette saman med teori. Her fann vi ut at 63% av rekneskapsbyråa nyttar seg i større eller mindre grad av skybaserte system, men at kun 19% av rekneskapa dei fører er skybaserte. Til samanlikning er det 74% av aksjeselskapa som fører rekneskapaen sjølv som nyttar seg av skybasert rekneskap. Over halvparten av rekneskapa som rekneskapsførarane fører er i dag digitaliserte, og blant både aksjeselskap og rekneskapsbyråa er fleire prosessar digitalisert. Det er bruk av EHF-faktura som skil seg mest positivt ut. Til slutt ser bedriftene fleire ulike moglegheiter i framtida, men alle har eit felles mål om å bli endå meir digitalisert, uavhengig av kor langt dei har komme i dag. Vi har derfor konkludert med at digitaliseringa i Indre Sogn ikkje har kome så langt som moglegheitene tilseier, dei har eit lite stykke igjen, men at utviklinga går framover.

Abstract

Throughout our studies for a bachelor's degree, we have had a certain interest for the subject of accounting, which led to the decision to focus our thesis on this particular industry. The theme for our research is digitalisation which have been relevant for a while now and will continue to be even more relevant for the future. The purpose of our research have been to investigate where in the digital shift we can find the accounting industry. We have designed three research questions that are designed to help us find answers to the actual theme for our thesis. Because we study and live in Sogndal, we have decided to limit the research to Indre Sogn.

In this thesis we have used a descriptive research design and a quantitative method. We examined different methods before we found the method and design that was most suitable for the task. We have explained the validity of the method and our sample data, as well as argued for the primary- and secondary data, and for the research ethics used in this thesis. When we were decided on the structure for our research, we begun with collecting the secondary data that helped us describe the history of accounting, digitalization, cloud-based accounting etc.

To collect the primary data we have used SurveyXact. We conducted two surveys. One survey was sent to accounting firms and the other one to stock-based companies of any industry. When the data was collected, we compared our findings to theory. We found that amongst the accounting firm segment, 63 % use cloud-based systems, but only 19 % of them use the cloud-based systems for bookkeeping. In comparison, amongst the stock-based segment, where they have stated to do their own accounting, 74 % use cloud-based accounting. More than half of the bookkeeping done in an accounting firm are currently digitalized. Among both the stock-based segment and the accounting firm segment, we found that several processes have been digitized and that use of EHF-invoices have had a particular positive effect. Finally, all the companies asked can see numerous of possibilities for digitalisation in the future, and they all have a common goal of becoming more digital in all processes, regardless of where they are in the process right now. Our conclusion is that the digitalization in Indre Sogn hasn't come as fare, they have a way to go, but the development is moving forward.

Innholdsfortegnelse

FORORD.....	1
SAMANDRAG.....	2
ABSTRACT.....	3
1. INNLEIING.....	6
1.1. BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA OG PROBLEMSTILLING.....	6
1.2. PROBLEMSTILLING.....	6
1.3. AVGRENSING.....	7
1.4. OPPGÅVAS STRUKTUR.....	7
2. TEORI.....	8
2.1. REKNESKAPSFØRAR, REKNESKAPSBYRÅ OG REKNESKAPSFØRING.....	8
2.2. HISTORIEN TIL REKNESKAPSFØRING.....	9
2.3. DIGITALISERING.....	14
2.4. TIDLEGARE FORSKING PÅ OMRÅDET.....	15
2.5. OPPSUMMERING.....	19
3. METODE.....	19
3.1. FORSKINGSDESIGN.....	19
3.1.1. <i>Valt metode - Deskriptivt forskingsdesign</i>	20
3.1.2. <i>Kritikk til val av forskingsdesign</i>	21
3.1.3. <i>Oppsummering forskingsdesign</i>	21
3.2. KVALITATIV VS. KVANTITATIV METODE.....	22
3.2.1. <i>Kvalitativ metode</i>	22
3.2.2. <i>Kvantitativ metode</i>	22
3.2.3. <i>Valt metode - ein kvantitativ forskningstilnærming</i>	23
3.2.4. <i>Kritikk til valt metode</i>	24
3.2.5. <i>Oppsummering samfunnsvitskapleg metode</i>	24
3.3. FORSKINGSETIKK.....	24
3.4. DATAINNSAMLING.....	25
3.4.1. <i>Primær- og sekundærdata</i>	26
3.4.2. <i>Kvalitet (validitet)</i>	26
3.4.3. <i>Pålitsgrad (reliabilitet)</i>	27
3.4.4. <i>Utval</i>	28
3.4.5. <i>Datainnsamlingsmetode</i>	29
3.4.6. <i>Feilkjelder</i>	31
3.5. OPPSUMMERING.....	31
4. PRESENTASJON AV FUNN.....	32
4.1. FORSKINGSSPØRSMÅL 1.....	33
4.2. FORSKINGSSPØRSMÅL 2.....	37
4.3. FORSKINGSSPØRSMÅL 3.....	42
4.4. TILLEGGSPLYSNINGAR - SPSS.....	47
4.5. OPPSUMMERING PRESENTASJON AV FUNN.....	48
5. ANALYSE OG DRØFTING.....	49
5.1. FORSKINGSSPØRSMÅL 1.....	49

5.1.1. Oppsummering forskingspørsmål 1	52
5.2. FORSKINGSSPØRSMÅL 2	52
5.2.1. Oppsummering forskingspørsmål 2	56
5.3. FORSKINGSSPØRSMÅL 3	56
5.3.1. Oppsummering forskingspørsmål 3	59
6. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	60
6.1. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	61
6.2. FORSLAG TIL VIDARE FORSKING.....	63
KJELDER.....	64
VEDLEGG 1: AKSJESELSKAP SPØRJEUNDERSØKELSE	67
VEDLEGG 2: REKNESKAPSBYRÅ SPØRJEUNDERSØKELSE	72

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn for val av tema og problemstilling

I løpet av studiet har vi fått ein ekstra interesse for rekneskapsfaga. Dette gjorde at vi ville forske på rekneskapsbransjen.

For vår generasjon, som no er under utdanning og er på veg ut i arbeidslivet er digitalisering ein vesentleg del av både kvardagen og framtida. Digitalisering er eit stort tema som dei siste åra har fått mykje å seie for rekneskapsbransjen. Utviklinga går fort, og betre teknologi har ført til ei stor utvikling av datasystem. Skybaserte rekneskapsløysingar veks fram og det blir lettare for kunden å kommunisere med rekneskapsføraren. Vi kjenner så vidt til å få tilsendt papirfaktura til postkassa, og vi har hatt mobiltelefonar ein mykje større del av livet, enn foreldra våre. Vi kan anta at digitaliseringa i samfunnet ikkje kjem til å stå stille, men fortsette å utvikle seg. Dette fekk oss til å lure på samanhengen mellom digitaliseringa og den bransjen vi skal ut i. Tema for oppgåva er derfor *digitalisering i rekneskapsbransjen*.

Når vi byrja å lese om digitalisering i rekneskapsbransjen la vi merke til at det var skrive svært mykje om digitalisering i diverse andre samanhengar, og med ulike vinklingar. Vi fant derimot svært lite oppdatert informasjon, og få artiklar på kor langt utviklinga faktisk har kome.

1.2. Problemstilling

Vi har derfor valgt å ta for oss følgjande problemstilling:

Kor langt har den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen kome?

Formålet med problemstillinga er å finne ut kor langt den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen har kome, kva som meinast med digitalisering i rekneskapsbransjen, og korleis prosessane går føre seg no, i forhold til før.

1.3. Avgrensing

Ettersom problemstillinga er nokså vid og kan reise fleire spørsmål og ulike aspekter er det behov for ei avgrensing av oppgåva. Vi har derfor tre forskingsspørsmål som spesifiserer vår problemstilling.

Vi har avgrensa problemstillinga ved desse tre forskingsspørsmåla:

- Kor stor prosentandel av selskapa i regionen nyttar seg av skybasert rekneskap
- Korleis ser digitaliseringa ut i bedriftene i dag
- Kva moglegheiter ser bedriftene i digitalisering, og er digitale løysingar eit framtidig mål

Med begrensa ressursar knytt til oppgåva må vi også avgrense kva for selskap vi legg fokus på, og tar med i undersøkinga. Vi ønskjer å sjå på utviklinga frå både rekneskapsføraren og kunden sitt perspektiv, og vil derfor fokusere på rekneskapsbyrå og aksjeselskap.

I tillegg til dette må vi avgrense kva område forskinga skal ta føre seg. Vi har derfor valt å fokusere på nærområdet vårt, Sogn. Regionen Sogn er bestående av Indre- og Ytre Sogn. Vi har valt å ta for oss Indre Sogn, som omfattar Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik. Når vi i forskingsspørsmålet skriv *regionen*, meiner vi distriktet Indre Sogn som spesifisert over.

1.4. Oppgåvas struktur

Oppgåva består av seks kapittel. Første kapittel er innleiinga, kor vi har presentert og avgrensa problemstillinga, samt danna eit rammeverk for oppgåva. I kapittel to danna vi det teoretiske grunnlaget og definerer begrep som er relevant for å forsøke å svare på problemstillinga. I kapittel tre forklarar vi kva forskingsdesign og metode er, kva vi har valt for oppgåva, og korleis vi har samla inn data. I kapittel fire presenterer vi datamateriale vi har

samla inn. Vidare i kapittel fem analyserer og drøfter vi funna frå kapittel fire saman med teori. Til slutt oppsummerer og konkluderer vi.

2. Teori

For å byrje oppgåva startar vi med teori. Dette kapitlet blir det teoretiske grunnlaget, og sekundærdataen i studiet. Her kjem vi til å gå inn på teori og begrep som er relevant for både å forstå og forsøke å svare på problemstillinga. Vi fant svært mykje, men som nemnt tok vi kun med det som er relevant for oppgåva, og det som var til hjelp for å forsøke svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla.

2.1. Rekneskapsførar, rekneskapsbyrå og rekneskapsføring

Før vi byrjar med teorien tykkjer vi det er greit å definere kva ein rekneskapsførar, rekneskapsbyrå og rekneskapsføring er.

Rekneskapsførar

Ein rekneskapsførar er ein person som jobbar med å føre rekneskap på oppdrag for andre (Kristoffersen, 2014, s. 189). Dette kan vere innad i ei bedrift, eller i eit eksternt rekneskapsbyrå. Ei viktig oppgåve for rekneskapsføraren er å sørge for at alle relevante opplysningar blir tekne inn i rekneskapen slik at den blir riktig og fullstendig. I oppgåva vår vil vi både sjå på den interne og eksterne rekneskapsføraren.

Rekneskapsbyrå


Eit rekneskapsbyrå vil seie eit enkeltpersonføretak eller selskap som i næring påtek seg arbeidet med å føre rekneskap for andre (Regnskap Norge, 2021). Det er vert å nemne at eit rekneskapsbyrå fell under kategorien serviceyrke.

Rekneskapsføring

Rekneskapsføring er i følge Kristoffersen (2014, s. 189) utføring av oppdragsgjevar sine plikter etter bokførings- og rekneskapslova, samt

utarbeiding av oppgaver og opplysningar for oppdragsgjevaren som denne skal gi i samhøve med lov eller forskrift.

2.2. Historien til rekneskapsføring



Figur 1: Bildet viser tidslinje over rekneskapsføringa sin historie (Eige arbeid, 2021).

Med rekneskapsførar, rekneskapsbyrå og rekneskapsføring definert, kan vi gå over til historia til rekneskapsføring. Rekneskapsføring har sitt opphav ifrå det gamle Mesopotamia der det er funne skatteoversikt nedteikna på leirtavler. Vidare i middelalderen føregjekk føringa i innbundne bøker og kjøpmannen skreiv ned endringar i formuen etter kvart som dei fann stad, samt sine krav og si gjeld. Utover 1800-talet vaks det tradisjonelle rekneskapsystemet fram, saman med den industrielle revolusjonen. Dei veksande bedriftene sette nye krav til rekneskapsføringa, der blant anna nøyaktig og detaljert skildring av dei interne verdiendringane var viktig (Kaurel & Lundal, 2021).

Tradisjonell rekneskapsføring

Bokføringa har opp gjennom åra endra seg frå leirtavler til innbundne bøker, via maskinbokføring til moderne databehandling. Då Luca Pacioli i 1494

innførte det dobbelte bokholderi som eit prinsipp for rekneskapsføring, la han samtidig grunnlaget for rekneskapssystema som blir brukt i dag (Sangster, 2021). Den største utviklinga har skjedd gjennom dei 50 siste åra. Krav og nye lover har også i nyare år vore ein stor pådrivar for utvikling av metodar og digitalisering. Tradisjonell rekneskapsføring vert gjennomført manuelt. Kunden leverer bilag i papirform og rekneskapsføraren registrerer dei manuelt i eit rekneskapssystem, som seinare blir arkivert i permar. Kunden mottok sjølv fakturaer og betalar desse i banken.

Rekneskapssystem

Ved byrjinga av 2000-talet gjekk utviklinga raskare. På få år gjekk rekneskapsføringa frå manuell rekneskapsføring med penn og papir til e-rekneskap. Rekneskapsføraren vart totalt avhengig av gode teknologiske hjelpemiddel, der for eksempel rekneskapssystem med integreringsmoglegheiter mot lønn-, fakturering-, timerekneskap, kvalitetssikring- og andre administrative system var å føretrekke.

Rekneskapssystem j.f. bokføringslova si forstand består av IT-baserte system og manuelle rutinar som gjer det mogleg å produsere årsrekneskap, anna pliktig rekneskapsrapportering, og lovbestemte spesifikasjonar. Det ligg til grunn eit prinsipp om at rekneskapssystemet skal vere ordentleg og oversikteleg. Dette betyr at det skal ligge til rette for innsyn og kontroll slik at opplysningsplikta kan overhaldast (Kristoffersen, 2019).

Digitalisering

Skannaren vart etterkvart flittig brukt av både rekneskapsførar og kunde, og rekneskapsføraren kunne såleis ta imot bilaga elektronisk. Internett og e-post vart også viktige kommunikasjonsplattformer (Riise, 2004). I 2014 skildra Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014) digitalisering som ein samlebetegnelse for overgangen frå analoge, mekaniske- og papirbaserte løysingar, prosessar og system, til elektroniske og digitale løysingar. Digitalisering handlar ikkje berre om ny teknologi, å flytte lagring frå fysisk arkivering til digital sky eller å bruke nettbanken i staden for å gå i banken,

men også om effektivitet og vekst. Digitalisering kjem vi meir inn på seinare i kapitlet.

Elektronisk handelsformat (EHF)

Elektronisk handelsformat er ein standard for elektroniske meldingar i anskaffelsesprosessen. EHF automatiserer fleire prosessar som tidlegare vart gjort manuelt. Oppdragsgjevar og leverandør utvekslar informasjon elektronisk på ein standardisert måte. E-faktura blir automatisk sendt mellom fakturaløysninga til avsendar og mottakar. Dersom ein fylgjer standarden vil dokumenta kunne lesast av begge partar sjølv om systema dei brukar er ulike. Prinsippet med EHF-faktura er at grunnlagsmateriale berre skal punsjast ein gang. I frå 2015 var alle norske kommunar pålagt å kunne ta imot EHF-fakturaer. Sidan alt føregår elektronisk vil ein spare miljøet for utsending av 100 millionar faktura, samtidig som ein sparar tid og ressursar, og ein sikrar at alle obligatoriske data er med (Digdir, 2020).

Automatisering

Allereie ved byrjinga av 2000-talet var tanken om automatisering sådd. Rekneksapsførarane såg at automatisering kunne lette på tidkrevjande prosessar. Automatisering blir beskrive som ein teknikk for å få system til å fungere utan, eller med liten grad av menneskeleg medverknad (Andersen, 2019). Denne teknikken blir brukt der det er ønskjeleg å erstatte menneskeleg arbeidskraft med sjølvverkande system. Slik som i rekneksapsbransjen, noko som gjer arbeidet meir effektivt. Administrative system som rekneskap og lønnsutbetaling kan i dag bli gjort automatisk utan hjelp frå menneskeleg arbeidskraft.

Skybasert rekneskap

Ei stadig veksande teknologisk nyvinning er skybasert rekneskap. Kundane stiller stadig høgare krav og rekneksapsføraren må utvikle seg i takt med omverda. Mange forventar ein oppdatert rekneskap dagleg og her kjem skybaserte tenester inn. Tidlegare måtte rekneksapsføraren bruke mykje tid på å samle inn og manuelt bokføre reknekskapspapir. Dei siste åra er det meir vanleg at denne jobben blir gjort digitalt. Skybasert rekneskap er ein type

programvare som gjer det mogleg for både rekneskapsføraren og kunden å oppdatere og sjå informasjon når som helst og kvar som helst, så lenge ein er kopla til internett (Ellefsen, 2016).

Skybasert rekneskap skil seg frå tradisjonell programvare sidan den ikkje krev installasjon på ei datamaskin. Ein koplar seg direkte til ein ekstern server og opererer over internett. Programvara hjelper rekneskapsføraren ved å jobbe profesjonelt og effektivt, og reduserar press med å investere i fasilitetar og menneskelege ressursar. Det er fordi det ikkje er behov for interne serverar samt tilknytta personell. Store fordelar med online rekneskapsprogramvare samanlikna med tradisjonell rekneskapsprogramvare, inkluderar kontinuerlige oppdateringar og sikkerheitskopiar (Le & Cao, 2020). Dei skybaserte programma som blir omtala i denne oppgåva er Fiken, PowerOffice Go, Tripletex, Uni Economy og Visma eAccounting. Duett kan vere både skybasert og tradisjonelt, då dei har både Duett og Duett Sky.

Det finnast mange fordelar med skybasert rekneskap (Ellefsen, 2016). Først og fremst er det tidsparande. Kunden og rekneskapsføraren kommuniserer online og kunden kan sjølv registrere f.eks. ordrar, timar og salg via programvara, som delast direkte med rekneskapsbyrået. Eit skybasert rekneskap er også papirlaust, noko som vil seie at alle bilaga er digitale og ligg i skya. Dette er tidsparande for rekneskapsføraren då han slepp å bruke tid på å leite fram bilag manuelt. I tillegg kan kunden gå inn og sjå heile rekneskapen ned på bilagsnivå. Rekneskapen er ei ferskvare for kunden, der alt er oppdatert til ein kvar tid.

Sjølv om det er mange fordelar vil det også vere negative sider med skybasert rekneskap (Ellefsen, 2016). Ein av dei viktigaste hindringane er bokføringslova §13 sitt krav om oppbevaring av rekneskapsmateriale i Noreg, eller eit av dei nordiske landa. Såleis må den eksterne serveren som den skybaserte løysinga er knytt opp til vere stasjonert i Noreg. Rekneskapsbyrået har også mindre kontroll på dataene då desse ikkje ligg på eigen server. Det er ikkje like lett å bytte systemleverandør då informasjonen ofte ligg låst i skysystemet utan moglegheit for å flytte på desse. Derfor er det viktig å inngå

gode avtalar for å unngå store kostnader eller teknologiske utfordringar ved slike tilfeller (Ellefsen, 2016).

I teorien skal kunden ha moglegheit til gjere akkurat det same som rekneskapsføraren, men ikkje alle rekneskapssystem er kome så langt.

Hybridløsning - skybasert

Sjølv om den digitale utviklinga er godt i gang er det framleis mange rekneskapsførarar som brukar tradisjonelle rekneskapssystem. Der dette er vanleg har leverandørane av systemet utvikla nettbaserte tilleggsapplikasjonar som gjer at systemet blir ein mellomting mellom sky- og tradisjonelt system. Ein kan kalle det ei hybrid løysing. Definert av Regnskap Norge må hybridløysinga minimum omfatte bilagsflyt, betalingsløysingar og alltid oppdatert rekneskap. 6 av 10 rekneskapsbyrå som i 2017 brukte tradisjonelle system, fall inn under hybridkategorien. Eksempel på tradisjonelle rekneskapssystem som tilbyr ei hybrid løysing er Visma Business og Agro Økonomi (R. N. Austheim, 2017).

Kunstig intelligens

I tillegg til skybasert rekneskap er kunstig intelligens “siste skrik” innanfor digitalisering. Kunstig intelligens er per dags dato utan ein felles definisjon. Det er fordi det er eit breitt fagfelt som består av mange undergreiner. Regjeringa definerer kunstig intelligens slik:

“Kunstig intelligente systemer utfører handlinger, fysisk eller digitalt, basert på tolkning og behandling av strukturerte eller ustrukturerte data, i den hensikt å oppnå et gitt mål. Enkelte KI-systemer kan også tilpasse seg gjennom å analysere og ta hensyn til hvordan tidligere handlinger har påvirket omgivelsene.” (Nasjonal strategi for kunstig intelligens - regjeringen.no, u.å.)

Det er fleire typar kunstig intelligens. Det største skiljet er mellom regelbasert- og datadrevne modellar. Datadreven modell kallast også maskinlæring av at datamaskina fangar opp tidlegare søk og anna brukaråtferd og foreslår treff på

grunnlag av dette. Eit eksempel er når mobiltelefonen foreslår reiserute heim når ein er ferdig på jobb. Den andre modellen, regelbasert modell, er eit system som ikkje lærer. Her har menneske på førehand spesifisert retningslinjene for programvara (Tidemann, 2020).

Kunstig intelligens skal kunne oppfatte omverda, gjere vurderingar av den og beslutte tiltak. Under denne definisjonen, har kunstig intelligens vore i bruk innanfor finans i fleire tiår i form av forskjellige grader av automatiserte avgjerder (Huse, 2020). Mange bedrifter har teke i bruk enkle dataprogram som gjer einsformige og repeterande oppgåver. Eksempel på dette kan vere å luke ut duplikat, sitering og automatisk svar av e-post.

2.3. Digitalisering

Som allereie nemnt er digitalisering ein viktig pådrivar for utvikling av rekneskapssystem, men ettersom problemstillinga spør kor langt den digitale utviklinga har komen treng vi å utdjupe digitalisering litt meir.

Digitalisering i seg sjølv er eit verb som beskriv ein prosess der noko blir digitalt. Men kva er eigentleg digitalisering eller ein digital prosess.

"Digitalisering handler om å bruke teknologi for å fornye, forenkle og forbedre. Det handlar om å tilby nye og bedre tjenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelige" (moderniseringsdepartementet, 2014).

Om ei bedrift ønskjer å holde tritt med dagens samfunn må ein internt auke det digitale kunnskapsnivået, og sjå potensialet i teknologien. Bedrifter som skal bli digitaliserte kjem til å måtte gå gjennom ei omstilling. Her må ein starte med dei tilsette i bedrifta. Ein må vere villig til endring, og kunne ta i bruk digitale løysingar. Evna til omstilling er ein sentral og svært viktig faktor saman med kompetanse og standardisering. Ifølgje Rune Skjelvan sin artikkel *Hindre for digitaliseringer* er standardisering det største hinderet for digitalisering (*Hindre for digitalisering - Nr 03 - 2015 - Praktisk økonomi &*

finans - Idunn, u.å.). Hindre for digitalisering og omstilling er vert å nemne, men vil ikkje bli meir utgreid ettersom det ikkje blir teke stilling til i høve til problemstillinga.

2.4. Tidlegare forskning på området

Før vi går vidare på metode i kapittel tre vil vi kort belyse noko av den tidlegare forskinga på området. Skybasert rekneskap er eit relativt nytt fenomen, men det er likevel gjort ein del forskning på området. I avsnitta under går vi gjennom tidlegare undersøkingar som er nyttige for vår vidare forskning.

Er det stor forskjell i tidsbruk på manuell og digital bokføring - NARF

NARF gjennomførte i 2015 eit prosjekt der dei testa om digital bokføring faktisk reduserer tidsbruken (S. Austheim, 2015). Sjølv om det er heile 6 år sidan undersøkinga vart gjennomført vil vi fortsatt trekke fram nokre hovudpunkt. Sidan mange bedrifter framleis er i startgropa når det gjeld å digitalisere rekneskapen, vil det høgst sannsynleg framleis vere relevant.

Nokre hovudfunn frå testen var at bokføring av inngåande faktura vart utført raskast av det manuelle rekneskapsbyrået, men her kjem kunden sin tidsbruk knytta til godkjenning og betaling i tillegg. Den digitale bedrifta kan tilby kunden eit oppdatert rekneskap til ein kvar tid, ikkje per 2 månad slik det er når bokføringa blir gjort manuelt. I tillegg ser det ut til at digital og tradisjonell rekneskapsføring stiller like krav til rekneskapsfagleg kompetanse. Det vil seie at automatiseringa, i alle fall ikkje då, var kommen så langt at den kan erstatte rekneskapsføraren sin kompetanse. I tillegg krev digital rekneskapsføring ein viss grad av IT- og sytemkompetanse.

Slik vurderes de mest brukte regnskapssystemene i 2017 - Regnskap Norge

I 2017 gjennomførte Regnskap Norge ei undersøking om rekneskapssystemer og teknologiutvikling (R. N. Austheim, 2017). I undersøkinga vart det stilt spørsmål om rekneskapssystem, teknologiske kapabiliteter, skybasert rekneskap, og fordelar. Det kom då fram at 18% av rekneskapsbyråa nytta seg

av skybasert rekneskap, 39% av tradisjonelt rekneskap og 43% nytta seg av begge deler. Når det gjeld teknologiske kapabiliteter spurte Regnskap Norge om bedriftene kunne sende og motta EHF, betalingsløysingar/bankintegrasjon, moglegheita til å jobbe/fordele oppgåver i eit felles rekneskapssystem, online tilgang til eigne rekneskapsdata, automatisert bilagsflyt, alltid oppdaterte rekneskap og integrasjon mot nærliggjande system (logistikk, ordre, kjørebok osv). Dei som kun nytta seg av skybasert system har ein svarprosent på over 83% på alle punkt utanom integrasjon mot nærliggjande system som har ein prosent på 55. Dei bedriftene som kun nytta seg av tradisjonelt rekneskap hadde ein svarprosent på mellom 58,5% og 71,5% på alle punkt utanom det siste, som var 37,2%. Dei bedriftene som nytta seg av begge løysingane hadde ein prosent på over 79% på alle punkt bortsett frå siste som var 60,6%. Dei tre mest brukte rekneskapssystema var Visma Business (16,3%), Tripletex (12,4%) og Visma eAccounting (8,6%).

Dei viktigaste fordelane for rekneskapsbyråa då dei valde eit skybasert rekneskap var:

- “Kunde og regnskapsfører kan jobbe i samme system”
- “Fokuset på digitalisering, standardisering og automatisering”
- “Alt i ett system”, “Data (og backup) lagres sikkert i skyen
- “Systemet er alltid oppdatert med siste versjon” “Driftssikkert og stabilt”
- “Enkelt å integrere mot andre systemer”, “Fleksibel prismodell på bruk og lav initial investering”

Profesjonelle brukere sin vurdering av egne regnskapssystemer i 2018 - Regnskap Norge

I 2018 gjennomførte Regnskap Norge ei ny undersøking om rekneskapssystem (S. Austheim, 2018). Resultata viste blant anna at antal rekneskapsbyrå som brukar 3 eller fleire system har auka med 380% på 2 år. Regnskap Norge antar at utviklinga har skote fart på grunn av overgang frå tradisjonelle til skybaserte løysingar. I tillegg er kunden ein stor pådrivar.


Visma gjennomførte i 2018 ei undersøking på kor langt bedrifter har komme i den digitale utviklinga (Krogh, 2019). Undersøkinga er gjennomført i fleire land og resultatane viser at Noreg var komme lengst med digitaliseringa med 46%, men at det fortsatt er mykje å gå på. Respondentane vart spurde om kva for prosessar som er digitaliserte. Dette er resultatane frå undersøkinga:

- Mottak av faktura: 43%
- Sending av faktura: 45%
- Purring: 31%
- Inkasso: 30%
- Betaling av faktura: 46%
- Oppdatering av innbetalingar: 37%
- Reiserekningar: 45%
- Utlegg: 37%
- Ferieønsker: 34%
- Fråvær: 56%
- Timeregistrering: 71%
- Godkjenning av faktura: 66%
- Rapportering: 43%

Digitalisering i kommunene. Overblikk over tilstanden i 2018 - Statistisk Sentralbyrå

Statistisk sentralbyrå gjennomførte i 2018 ei undersøking om “Bruk av IKT i staten”. Det vart i samband med dette laga ein rapport for å gi ein oversikt over tilstanden i Kommune-Norge (Rybalka et al., 2019). I frå denne rapporten har vi henta ut ein tabell og eit kart som viser planlagt IKT-prosjekt i kommunane fordelt på antal innbyggjarar og oversikt over digital aktivitet.

Figur 3.2 Andel av kommunene som har planlagt IKT-prosjekter i 2018, etter antall innbyggere




Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 2: Figuren viser andel av kommunene som har planlagt IKT-prosjekter i 2018, etter antall innbyggere .

Ut av tabellen kan ein sei at dess mindre kommune dess mindre er planlagt digitalisert.

Figur 5.7 Kommunene etter graden av digital aktivitet



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 3: Figuren viser kommunene etter graden av digital aktivitet.

Av kartet kan ein sjå at det i Indre Sogn er “relativt lite digital aktivitet” til at dei “brukar digitale tenester utan å tilby dei sjølv”.

2.5. Oppsummering

Kort oppsummert har vi i teoridelen laga ei tidslinje over rekneskapsbransjen si utvikling for å medverke til ei forståing av kva rekneskapsfører og rekneskapsføring er, samt digitalisering og skybasert rekneskap.

Teoridelen inkluderar tidlegare forskning som er gjort på området i form av sekundærdata. Det er allereie ein god del teori på området på landsbasis, men vi vil sjå korleis det står til i rekneskapsbransjen i Indre Sogn i dag. Som vi ser er det ikkje gitt at digitaliseringa er kome like langt i distrikta som i byane. For å sjå kor langt digitaliseringa har kome i Indre Sogn, treng vi oppdaterte tal for regionen. Vidare i studie vil vi derfor presentere funn frå vår eiga forskning, men først skal vi gå gjennom dei metodiske vala vi har gjort.

3. Metode

Etter at vi har greid ut om teori og begrep som er relevant for oppgåva går vi vidare til metode. I metodekapittelet skal vi sjå på forskingsdesign og metode, og samtidig finne ut kva som passar til vår forskning. Vi skal også gå gjennom forskningsetikk, førebuingane til datainnsamlinga, informere om korleis vi gjennomførte spørjeundersøkingane og kva primær og sekundærdata er. Det første vi må avgjere, er kva forskingsdesign oppgåva skal følgje.

3.1. Forskingsdesign

Forskingsdesign, eller undersøkelsesdesign er ein overordna plan for korleis ein skal svare på problemstillinga. Ein startar med problemstillinga, og vurderer korleis ein kan finne “svar” på denne, for så å følgje eit design. Her tek ein stilling til kva og kven ein skal undersøke og korleis undersøkinga skal gjennomførast (Johannessen et al., 2020, s. 259). Med forskingsdesign meiner vi altså oppgåvas formgiving.

Eit kriterium som er med å velje kva forskingsdesign som følgjast er tid, om undersøkinga er med eit utval eller ein populasjon, om det skal gjennomførast eksperiment, eller om det skal samlast inn harde eller mjuke data (Johannessen et al., 2011, s. 77–78).

Det er tre hovuddesign; eksplorativt, deskriptivt og kausalt forskingsdesign (Johannessen et al., 2020, s. 43). I eit eksplorativt design, også kalla utforskande design byrjar ein med litteratur, definerings og forståing av begrep og teori, for så å utvikle eit analyseformål, forskings spørsmål og eventuelle hypotesar.

I eit kausalt design prøver ein å forklare årsakene og undersøkje effektane (Johannessen et al., 2020, s. 48). For å kunne etablere kausalitet, noko som svært sjeldent er heilt mogleg, må ein oppnå kravet om rekkjefølgje. Kravet om rekkjefølgje er samvariasjon, tid, og isolasjon.

Eit deskriptivt design beskriv det som forskast på, og seier ikkje noko om årsak (Johannessen et al., 2020, s. 45–46). Det tek utgangspunkt i å beskrive variablar og samanhengar mellom desse. Derfor blir deskriptivt design også kalla beskrivande design. Formålet med designet er å gi svar på kva, kven, kvifor og korleis.

3.1.1. Valt metode - Deskriptivt forskingsdesign

Vi har valt å følgje eit deskriptivt forskingsdesign. Som skriv i introduksjonen er problemstillinga beskrivande, og vi ønskjer svar på spesifikke spørsmål som kor langt utviklinga har kome, og moglege grunnar til at det er slik. Vi har ikkje ønskje om å utvikle teori eller kausalitet. Derfor passar dette designet til problemstillinga.

Når ein har sett føre seg kva design ein skal følgje, i vårt tilfelle eit deskriptivt undersøkesdesign, er det mange som ønskjer å gjennomføre longitudinelle undersøkingar. Det er undersøkingar som er langsgåande, og datamaterialet

samlast inn på meir enn eit tidspunkt (Johannessen et al., 2011, s. 79). Det er ikkje lett å få til på grunn av begrensa tid og ressursar. Ethiske omsyn gjer at det i tillegg er mest vanleg med tverrsnittundersøkingar. Det vil sei at undersøkingane gjennomførast på eit bestemt tidspunkt eller ein avgrensa og kort periode (Johannessen et al., 2011, s. 78–79). Desse undersøkingane kan blant anna gi informasjon om korleis fenomenar varierer på det aktuelle tidspunktet. Denne type undersøking er svært vanleg i bacheloroppgåver, der ein må nøye seg med å gjere enkeltståande tverrsnittundersøkingar.

3.1.2. Kritikk til val av forskingsdesign

Ein eventuell ulempe med tverrsnittundersøkingar er at ein må vere svært forsiktig med å trekke konklusjonar som seier noko om utviklinga over tid. Eventuelle forskjellar i ein konklusjon kan skyldast for eksempel generasjonseffekt eller livsløpseffekt (Johannessen et al., 2011, s. 78). Det er vanskeleg å avgjere, og ein må bruke eit forskingsdesign som gjer det mogleg å seie noko om endring over tid og for å unngå tidsfeilslutning. For å kunne seie noko om endring over tid må det samlast inn data fra fleire tidspunkt, og det er ikkje mogleg i denne oppgåva (Johannessen et al., 2011, s. 78–79).

Ei anna ulempe med deskriptivt forskingsdesign kan vere at det er problematisk å avdekkje årsakssamanhengar mellom fenomen. I denne oppgåva skal vi presentere våre funn, utan å fastslå årsaker. Vi skal såleis ikkje sjå på kausale samanhengar, så dette er ikkje aktuelt for oss.

3.1.3. Oppsummering forskingsdesign

Når ein skriv ei oppgåve som dette kan ein sette opp oppgåva gjennom eit eksplorativt, kausalt eller deskriptivt design. Ettersom problemstillinga her er beskrivande, og vi ikkje ønskjer å utvikle ein teori eller kausalitet, er deskriptivt design mest passande.

Etter at vi har komme fram til kva forskingsdesign som passar best til oppgåva og problemstillinga, går vi vidare til samfunnsfagleg metode.

3.2. Kvalitativ vs. kvantitativ metode

Formålet med å gjennomføre empirisk forskning er å få fram gyldig og truverdig kunnskap om røynda. Vitskapleg metode som ein også kallar det, er korleis ein tilnærmar seg og forsøker å “avdekkje” verkelegheita (Jacobsen, 2015, s.15-16). Vi skal sjå nærmare på sentrale begrep innanfor metode, og grunngje kva for metode vi har valgt for vår forskning.

Ein skil ofte mellom to typar forskingsmetodar. Dette er kvalitativ og kvantitativ metode (Jacobsen, 2015, s. 39). Ein kan enkelt skilje desse som ord eller tal.

3.2.1. Kvalitativ metode

“De kvalitative metodene tar sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle” (Dalland, 2020). I kvalitativ metode er ein interessert i å gå i djupna på eit tema, evt. få flest mogleg opplysningar om færre undersøkingsmoment. Metoden kan ofte stille spørsmål som korleis og kvifor, og derav er primærdata tekst. Her har ein eit ønskje om å utvikle ein teori. Ein brukar ofte djubdeintervju for å få tak i informasjonen ein treng til studien.

3.2.2. Kvantitativ metode

“De kvantitative metodene har den fordelen at de gir data i form av målbare enheter” (Dalland, 2020, s.54). Her er primærdata tall, og har i motsetning til kvalitativ metode eit ønskje om å teste ein teori. Ein ønskjer å måle verkelegheita ved bruk av tal og statistikk.

Ved bruk av kvantitativ metode undersøker ein mange einingar, og ein ønskjer å generalisere omfang av- og samvariasjon mellom fenomen (Jacobsen, 2015, s. 141). Informasjonen som skal samlast inn er predefinert av forskaren. Målet med denne metoden er å få inn informasjon som lett kan systematiserast, og som kan leggjast inn på datamaskiner i standardisert form slik at ein kan analysere mange einingar samla. Forskaren vil standardisere informasjonen, kor einingar og informasjon “tvingast” inn i forhåndsdefinerte kategoriar. Kvantitative studiar baserar seg på at kategorisering og presisering av sentrale begrep blir gjort før den empiriske undersøkinga kan gjennomførast (Jacobsen, 2015, s. 251).

3.2.3. Valt metode - ein kvantitativ forskingstilnærming

I vår oppgåve har vi valt ein kvantitativ forskingstilnærming. Eit argument for kvantitativ metode er at problemstillinga vår siktar seg inn på resultat som er målbare og mogleg å tallfeste. Vi er ikkje ute etter å gå i djupna og utvikle ein teori, men heller samle inn data om fleire objekt for å kunne teste ein teori og standardisere svara.

Vi spør for eksempel om kor stor prosentandel som brukar skybaserte løysingar. Her kan ein både finne ein kvalitativ og ein kvantitativ vinkling. Vi har allereie skrive at det er mykje eksisterande teori på området, og dette er enda ein grunn til at vi har valgt kvantitativ metode. Dette så vi kan supplere teori med målbare datamateriale. Vi får blant anna datamateriale i form av tal når vi ønskjer å finne ut kor mange som brukar digitale eller sky-baserte løysingar, ved bruk av spørreundersøkingar.

Vår problemstilling er ikkje vinkla på den måten at ein får nærheit eller utfyllande datamateriale frå respondentane. Vi vil finne tal festa svar i staden for å teste ein teori. Avstand frå respondentane er eit kjenneteikn på ei kvantitativ forskingstilnærming.

3.2.4. Kritikk til valt metode

Ulempa med å ha valt ei kvantitativ forskingstilnærming er blant anna at ein ikkje får noko djupn i datamaterialet, og det er få nyansar. Datamaterialet ein får henta ut er utan skjønn eller grunngeving. Dette kan vere på grunn av lite eller ingen relasjon mellom forskar og respondent. Dette kan igjen minske forståinga for informasjonen ein får. Når det er lite eller ingen relasjon med respondent klarer ein ikkje fange opp eventuelle misforståingar.

Når det er lite djupn i datamaterialet, samt ingen relasjon mellom forskar og respondent er det lite eller ingen garanti for at ein har eit representativt utval. Tiltak vi har gjort for å redusere risikoen ved val av utval er at vi har valt fleire bedrifter frå fleire bransjar. Vi har prøvd å gjere dei tiltaka som går for å få det så representativt som mogleg, og har ikkje indikasjonar på at respondentane ikkje er representative for populasjonen. I tillegg for å fange opp eventuelle misforståingar, har respondenten i nokre spørsmål moglegheit til å definere sjølv i ein tekstboks.

3.2.5. Oppsummering samfunnsvitskapleg metode

For å oppsummere kan samfunnsvitskapleg metode delast hovudsakleg i to; kvalitativ og kvantitativ metode. Vi har valt kvantitativ metode, noko som passar problemstillinga. Det er allereie mykje eksisterande litteratur på temaet, derfor ønskjer vi å få nokre målbare resultat.

3.3. Forskingsetikk

Etter vi har funne ut av kva metode og design vi brukar er det viktig å sjå på kva retningslinjer det er å forholde seg til. Då meiner vi forskningsetikk, etiske omsyn og juridisk ansvar. Fellesnemnaren her er om handlingar er rett eller gale, og forholdet mellom mennesker (Johannessen et al., 2011, s. 93). Om noko ein forskar på eller vil ha svar på får konsekvensar for andre menneske må ein sjå til etiske standarder.

Spørjeundersøkinga vår er hundre prosent anonym ettersom det ikkje vert spurt etter sensitiv informasjon eller personopplysningar, og ip-adresser ikkje vert lagra. Her blir ikkje personar eller selskap utlevert, derav ingen skade på omdømme. I tillegg har respondentane frivillig deltaking. Dette gjer at det er få etiske omsyn og juridisk ansvar for oss å ta hensyn til. Sidan vi ikkje samlar inn personopplysningar, treng vi ikkje søkje godkjenning hjå NSD, og sidan det ikkje er opplagt kven som deltar treng vi heller ikkje samtykkeskjema.

Vår spørjeundersøking er via internett, og vi må derfor sjå til *forskingsetikk og bruk av internett* (Johannessen et al., 2020, s. 46). Dei same etiske krava er gjeldande, men på grunn av bruk av internett oppstår spesielle omsyn ein må vere oppmerksom på. Eksempelvis kva som er offentleg og privat informasjon, eller at bedriftene/personar ikkje er den dei gir seg ut for å vere og informasjonen og samtykket såleis ikkje kjem fra rett person. Som nemnt treng vi ikkje samtykkeskjema, men vi må vere obs på at spørjeundersøkinga kjem til riktig person/bedrift.

Vi har sendt spørjeundersøkinga til dei e-postadressene som vi har funne og som er registrert på selskapet. Det skal såleis vere liten risiko for at undersøkinga ikkje kjem fram til riktig person/bedrift i dei fleste tilfelle. Enkeltsituasjonar kan sjølvsagt oppstå, men vi har ikkje grunn til å tru at dette skal påverke svara, analysen og drøftingane våre i kapittel 4 og 5.

3.4. Datainnsamling

Etter at vi no har gjennomgått retningslinjene rundt forskningsetikk er det tid for å sjå på datainnsamling. Datamaterialet er først og fremst representasjonar av, men ikkje sjølve røynda (Johannessen et al., 2020, s. 43). Uansett type studie skal ein alltid forsøke å minimere skeivskap knytt til gyldigheit (validitet) og pålitgrad (reliabilitet) ved datamaterialet (Jacobsen, 2015, s. 227).

3.4.1. Primær- og sekundærdata

Vi kan samle inn to typar opplysningar. Det er primærdata og sekundær data. Vi kan skille dei som “harde” og “mjuke” data. Enkelt sagt kan vi sei at harde data er datamateriale som registrerast ved hjelp av tall, medan mjuke data er datamateriale i form av tekst, lyd eller bilete (Johannessen et al., 2011, s. 41). Primærdata vil sei dei opplysningane som ein samlar inn direkte frå menneske eller grupper av menneske, og sekundærdata er opplysningar som er samla inn av andre forskarar. I følge Jacobsen er det knytt svakheiter til å kun bruke ein type data (Jacobsen, 2015, s. 139–140). Ved bruk av både sekundær- og primærdata kan opplysningane utfylle og kontrollere kvarandre.

I vår oppgåve har vi henta inn primærdata gjennom to spørjeundersøkingar til høvesvis rekneskapsbyrå og aksjeselskap i Indre Sogn. Vi har også brukt sekundærdata, samla inn av andre, i form av statistikk og litteratur rundt tema rekneskap og digitalisering. Såleis er oppgåva vår bygd opp av sekundærdata, supplert med primærdata som statistikk i frå undersøkingane.

3.4.2. Kvalitet (validitet)

Eit viktig spørsmål å ta stilling til er kor godt eller relevant datamaterialet representerer fenomenet. Dette kallar vi for validitet, og det skiljast mellom formene; begrepsvaliditet, intern validitet og ytre validitet (Johannessen et al., 2020, s. 43–44). Begrepsvaliditet angir korvidt den operasjonelle definisjonen stemmer overeins med dei teoretiske omgrepa som blir brukt i problemstillinga (Johannessen et al., 2020, s. 44).

Intern validitet er ein konklusjon rundt årsakssamanheng, altså om undersøkinga kan påvise årsakssammenheng eller ikkje (Johannessen et al., 2020, s. 407). Ettersom vi ikkje er ute etter å finne årsakssamanhengar er ikkje intern validitet like relevant for oss.

Ytre eller ekstern validitet viser til generaliserbarheit av datamateriale (Johannessen et al., 2020, s. 410). Generaliserbarheit vil seie om resultata er

overførbare, og kan overførast til andre settingar eller andre utval enn dei som er studert (Johannessen et al., 2020, s. 251). Opplysningane som blir samla inn må systematiserast og analyserast. Representative kvantitative undersøkingar gjer det mogleg å gjere statistisk generalisering av funn frå eit utval til ein populasjon.

Utvalet, som blir presentert seinare, skal gjelde for heile Indre Sogn. Det er derfor viktig at resultatene vi får av spørjeundersøkingane kan samlast i generaliserte svar som kan gjelde for heile regionen. For å forsikre oss om dette har vi stilt standardiserte spørsmål som også kan brukast på andre bedrifter i regionen. Vi kan også tenkje oss at funna vi har gjort kan gi ein indikasjon på kor langt bedrifter i andre delar av landet har kome, men dette har vi inga garanti for.

3.4.3. Pålitetsgrad (reliabilitet)

Reliabilitet er eit anna ord for pålitetsgrad (Johannessen et al., 2020, s. 27), og betyr at metodane skal kunne etterprøvast av andre og gi same eller lite avvikande resultat. Reliabilitet er knytt til korvidt undersøkinga representerer den verkelege situasjonen. Dersom dei tilfeldige feila er små er reliabiliteten høg.

Reliabilitet er meir vesentleg for forskning med kvalitativ metode, enn med kvantitativ (Johannessen et al., 2020, s. 252–253). Det er uansett ulike måtar å måle reliabilitet på. Om vi hadde hatt meir tid og ressursar kunne vi ha etterprøvd vår undersøking si grad av reliabilitet ved å sende den same undersøkinga til dei same respondentane 2-3 veker seinare. Hadde resultatene blitt det same hadde det vore eit teken på høg reliabilitet (Johannessen et al., 2011, s. 44). Ein annan måte å teste reliabilitet på er om andre forskarar kjem fram til dei same resultatene, då er det også eit teken på høg reliabilitet.

Sidan reliabilitet i utgangspunktet er meir viktig for kvalitativ forskning, i tillegg til at vi har hatt for lite tid og ressursar, har vi ikkje testa reliabiliteten

til denne oppgåva. Sjølv om vi ikkje har testa relabiliteten har vi grunn til å tru at den er god.

3.4.4. Utval

Kvantitativ innsamlingsmetode byggjer på eit ekstensivt design med eit stort tal einingar og færre variablar. Ein av faktorane som spelar inn på kva forskingsdesign ein følgjer er om det forskast på eit utval eller ein populasjon (Jacobsen, 2015, s. 289). Vår populasjon er som skrive i avgrensinga i kapittel ein, rekneskapsbyrå og aksjeselskap i Indre Sogn.

Utvalsstrategi

Populasjonen er ei oversikt over alle dei vårt analyseformål omhandlar, nemleg rekneskapsbyrå og aksjeselskap i Indre Sogn (Jacobsen, 2005, s. 276). I mange kvantitative undersøkingar er det fullt mogleg å undersøkje alle einingane i populasjonen fordi det er knytt låge kostnader til det. Problemet oppstår når vi som forskarar ikkje har nok ressursar til å undersøke alle, og ein må gjere eit utval. Det finnast fleire forskjellige typar utvalsstrategiar under kvantitativ metode. Dei to vanlegaste er sannsynlegheitsutval og ikkje-sannsynlegheitsutvalg. Sannsynlegheitsutvalg vil seie tilfeldig utval i frå populasjonen. Alle einingane i populasjonen har like stor sannsynlegheit for å bli trekt ut, noko som sikrar at utvalet blir tilnærma representativt for populasjonen. Ikkje-sannsynlegheitsutval er ein framgangsmåte der det er fare for at ein kan ende opp med eit systematisk skeivt utval, f.eks. at relevante grupper ikkje kjem med i undersøkinga.

Under sannsynlegheitsutval finn vi reint tilfeldig utval som er den metoden vi har valt å nytte oss av. I vårt tilfelle er populasjonen aksjeselskap i Indre Sogn, i følge Brønnøysundregistrene (2021a), 1666 bedrifter. Antal rekneskapsbyrå i Indre Sogn er 27 bedrifter (2021b). Då Brønnøysundregistrene ikkje oppgir e-postadresser til firmaene, måtte vi sjølv innhente dei. Dette vart gjort ved google-søk. Mange firma har ikkje e-postadresser liggande offentleg så det viste seg å bli ei tidkrevjande oppgåve utan det heilt store resultatet. Dei e-

postadressene vi fann vart tilslutt utvalstorleiken. Faren med dette er at utvalet blir skeivfordelt i forhold til populasjonen. Vi har etterstreba å få eit utval som kan representere populasjonen på best mogleg måte. Det er derimot ingen garanti for at dei selskapa som faktisk svarar, ikkje er skeivfordelt då undersøkingane er 100% anonyme. Det er også usikkert om, og eventuelt kva betydning det vil ha for forskingsresultatet vårt. Vi vil tru at resultatene er til å stole på, då vi har lagt til rette for det ved å velje selskap frå fleire ulike bransjar.

Utvalstorleik

Utvalstorleik vil sei kor mange respondentar som blir valt ut til å delta i undersøkingane. Utvalstorleikane i forskingsprosjektet vårt vart totalt 606 einingar, fordelt i to grupper på høvesvis 585 aksjeselskap og 21 rekneskapsbyrå.

3.4.5. Datainnsamlingsmetode

Eit kvantitativt forskingsopplegg er ofte forskning i bredda. Informasjon blir innhenta gjennom ei spørjeundersøking og ein brukar mange informantar. Som nemnt under avsnittet om *deskriptivt forskingsdesign* er det nytta tversnittundersøking knytt til begrensa ressursar, samt det er passende for problemstillinga.

Spørjeundersøking er ein systematisk metode for å samle inn data, og resultatet gir oss ei statistisk skildring av populasjonen. Ei spørjeundersøking inneheld standardiserte spørsmål, slik at ein kan sjå på likheiter og variasjon i resultatet, samt moglegheita til å generalisere resultat frå utval til populasjon (Johannessen et al., 2011, s. 277). Vi har valt å lage to forskjellige spørjeundersøkingar. Ein som er tilpassa rekneskapsbyrå og ein som er tilpassa aksjeselskap. Dette for å få innsikt i korleis både rekneskapsførarane og dei potensielle kundane deira tenkjer. Vi nytta oss av programvara SurveyXact for å utforme spørjeundersøkingane. Med SurveyXact hadde vi moglegheita til å velje anonym innsamling, noko som gjer at svara til den

enkelte respondenten blir anonymisert og vi ikkje har moglegheit til å sjå kven som har svart kva. Ulempa er, som nemt, at vi ikkje veit om respondentane som har svart er representative for populasjonen. Fordelar knytt til valet om web-undersøking (survey) er lågare kostander, arbeidssparande og anonymitet.

Før spørjeundersøkingane vart sendt ut til utvalet vart dei sendt ut til nokre test-personar. Dette vart gjort for å sikre at spørsmåla var forståelege, og at andre småfeil som vi har oversett kunne bli fiksa opp i (Jacobsen, 2005, s. 260). Spørjeundersøkingane vart så sendt ut via e-post til utvalet.

Utforming av spørsmål

Spørjeundersøkingane er dominert av spørsmål med kategorisvar, også kalla nominalt målenivå, der verdiane er gjensidig utelukkande og ikkje kan rangerast på ein logisk måte. Respondenten har klare svaralternativ som ein kryssar av på. Vi har også nytta oss av spørsmål med rangordna svar eller ordinalt målenivå, som i tillegg til å vere gjensidig utelukkande også har ein logisk rangering. Dette gjeld t.d. “Kor fornøyd er du på ein skala frå...” der svaralternativa er rangert frå svært nøgd til svært misnøgd. Rangordna svar måler ikkje berre om einingane er like eller ulike, men også kor forskjellige dei er. I tillegg har vi valt å nytte oss av nokre spørsmål med opne svaralternativ. I staden for å krysse av ein boks blir respondenten her spurd etter å svare med egne ord. Slike spørsmål bryt med den kvantitative metoden si meining om å samle inn standardisert informasjon. Opne svaralternativ samlar inn kvalitative data med informasjon som har ein potensielt enorm detaljeringsgrad. Derfor bør slike spørsmål kun brukast dersom ein ikkje har oversikt over alle tenkjelege svaralternativ og når det finnast så mange svaralternativ at ein ville trengt fleire sider for å liste dei opp (Jacobsen, 2015, s. 239–253). I våre undersøkingar var ikkje desse spørsmåla obligatoriske, noko som vil seie at respondenten kunne la vere å svare på dei. Vi har valgt å nytte oss av nokre opne svaralternativ for å supplere den kvantitative studien med rekneskapsbyrå og aksjeselskapa sine egne synspunkt.

3.4.6. Feilkjelder

Feilkjelder kan gjere at resultatet ikkje gir eit rett bilete av røynda. Moglege feilkjelder kan vere for lang spørjeundersøking, mangel av essensielle spørsmål og fråfall.

Av heile utvalet blant aksjeselskapa var det i underkant av 30% som svarte på undersøkinga. Grunnar til den låge svarprosenten kan for eksempel vere vanskelege spørsmål eller dårleg timing. Fleire i frå utvalet kontakta oss på mail og ville sende oss vidare til reknesapsføraren sin, sidan dei meinte dei var meir egna til å svare på spørsmåla. Dette gir oss eit inntrykk av at aksjeselskap med ekstern rekneskapsfører set vekk arbeidet fordi dei sjølv ikkje har nok kunnskap om temaet. I tillegg vart nok spørjeundersøkingane sendt ut på eit dårleg tidspunkt. Grunna forskyving i tidsplanen vart spørjeundersøkinga sendt ut tysdagen i påskeveka. Dette er ei tid då fleire har teke ferie, og når dei kjem tilbake på kontoret veka etterpå har det hopa seg opp med mail, og mindre viktige forespørslar blir ignorerte.

Det hadde ikkje vore noko problem om vi kunne anta at fråfallet var tilfeldig, men med ei digital løysing på spørjeundersøkinga kan vi ikkje unngå å diskutere om det kun er dei med ein viss grad av teknologisk forståing som svarar. Sidan vi brukte internett for å finne e-postadressene kan det også vere grunn til å tru at dei som har e-postadresse liggjande offentleg, på ei nettside eller liknande, er dei som har kome lengst med digitalisering.

For å minske feilkjeldene i spørjeundersøkinga har vi valt å tydeleggjere spørsmåla med definisjonar og forklaringar på kva vi legg i ordlyden. I tillegg hadde respondenten sjølv moglegheit til å vise kva han legg i omgrepa gjennom dei opne svaralternativa.

3.5. Oppsummering

I metodekapittelet har vi forsøkt å argumentere for kva vi meiner er det beste forskingsdesignet og metoden for vår oppgåve. Her kom vi fram til at eit

deskriptivt forskingsdesign, og ei kvantitativ tilnærming passar best. Når vi tok føre oss forskningsetikk fann vi ut at på grunn av anonymitet treng vi ikkje samtykkeskjema eller godkjenning frå NSD for å gjennomføre undersøkinga. Vi har også utdjupa datainnsamlingsprosessen vår, og vi skal no gå vidare og sjå på dei dataene som vi har samla inn.

4. Presentasjon av funn

I dette kapittelet vil vi presentere dei viktigaste funna i frå dei to spørjeundersøkingane som vart sendt ut til aksjeselskap og rekneskapsbyrå i Indre Sogn. Vi har valt å dele datamaterialet inn etter forskningsspørsmåla, og kjem til å presentere resultata på spørsmåla som er relevante for den vidare drøftinga. Dermed blir ikkje alle spørsmåla presentert, men begge spørjeundersøkingane er lagt ved som vedlegg. Funna skal vere med å belyse problemstillinga som er: “Kor langt har den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen kome?”. Sjølv om ikkje alle spørsmåla blir presentert, og vi kun har med dei som er mest relevant, så har heilheiten av spørjeundersøkinga hjelpt på vår forståing og analyse av datamaterialet. Vi skal også presentere nokre funn frå SPSS, basert på data frå dei same spørsmåla, i 4.4.

	Populasjon	Brutto utval	Netto utval	Netto utval i forhold til populasjon	Netto utval i forhold til brutto utval
Rekneskapsbyrå	27	21	8	30%	38%
Aksjeselskap	1666	585	135	8%	23%

Figur 4: Tabellen viser fordelinga av populasjon, bruttoutval, nettoutval og svarprosent.


4.1. Forskingsspørsmål 1

Første forskningsspørsmål er “*kor stor prosentandel av selskapa i regionen nyttar seg av skybasert rekneskap*”. Vi startar med funna frå aksjeselskap, og går vidare til rekneskapsbyrå.

4.1.1. Aksjeselskap

Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap? (Spørsmål 11 - Aksjeselskap)


Heile 74% av aksjeselskapa som gjer reknekskapet sjølv har svart at dei nyttar seg av skybasert rekneskap. 26% brukar ikkje skybasert rekneskap, og 0% har svart veit ikkje. Det verkar såleis som om alle som har svart meiner at dei veit kva skybasert rekneskap er.



Figur 5: Figuren viser kor mange aksjeselskap utan ekstern rekneskapsfører som nyttar seg av skybasert rekneskap

Kvifor fører de rekneskapen sjølv? (Spørsmål 13 - Aksjeselskap)


Når vi spurte kvifor dei førte rekneskapen sjølv svarte 39% at det er fordi dei har tilsett kvalifiserte medarbeidarar som gjer det, 43% på grunn av pris, 39% på grunn av digitale løysingar, og 78% fordi dei då har full kontroll over rekneskapen. 13% svarte anna, og la ved at det var fordi at det var nærheit til bilaga, tar hjelp av rekneskapsfører for kompliserte spørsmål, eller fordi dei har eiga økonomiavdeling i konsern som dei er ein del av. Respondenten kunne krysse av på fleire alternativ.



Figur 6: Figuren viser kvifor aksjeselskapa fører rekneskapen sjølv.

Ønskjer bedrifta at rekneskapsføraren skal tilby tenester som gjer at dykk som kunde kan leggje inn opplysningar digitalt i eit skybasert program? (Spørsmål 8 - Aksjeselskap)

Av aksjeselskapa som har ekstern rekneskapsfører ønskjer 26% av bedriftene eit skybasert tilbod, medan 7% ønskjer det ikkje og 7% ikkje veit. Resterande 53% har allerede tilbod om å bruke skybaserte løysingar.




Figur 7: Figuren viser om aksjeselskapet ønskjer tilgang til skybaserte løysingar.

Korleis held du kontakt med rekneskapsføraren? (Spørsmål 6 - Aksjeselskap)

Av dei som har ekstern rekneskapsfører spurte vi korleis dei held kontakt med rekneskapsføraren sin. Her kunne ein velje fleire alternativ. 95% svarar at dei kommuniserer via e-post, 86% via telefon, 67% ved fysisk besøk og 42% pålogging via skybaserte løysingar. 3% svarar at dei aldri har besøkt

rekneskapsføraren på kontoret og 2% har svart anna. Dei som har svart anna har spesifisert at det er via messenger eller puben.




Figur 8: Figuren viser korleis aksjeselskapa held kontakt med rekneskapsføraren.

4.1.2. Rekneskapsbyrå

Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap? (Spørsmål 7 - Rekneskapsbyrå)


På spørsmål om bedrifta nytta seg av skybasert rekneskap svarte 25% “ja, heilt”, 38% “ja, delvis” og 38% “nei”. “Ja, heilt” vil sei at kunden kan logge seg på programvara rekneskapsbyrået brukar og legge inn opplysningar sjølv. “Ja, delvis” vil sei at programvara rekneskapsbyrået brukar tilbyr at kunden kan logge seg på, men at bedrifta ikkje tilbyr det til kunden endå. “Nei” vil seie at programvara rekneskapsbyrået brukar ligg på ein lokal server i deira egne lokale.



Figur 9: Figuren viser kor mange rekneskapsbyrå som nyttar seg av skybasert rekneskap.

Kvifor byrja dykk med det? (Skybasert rekneskap) (Spørsmål 9 - Rekneskapsbyrå)

På spørsmål om kvifor bedrifta byrja med skybasert rekneskap svarte 60% at det var p.g.a. etterspørsel frå kunden, ønskje om å halde seg moderne og ressursparande. 40% svarte at det var fordi det var kostnadssparande, medan 20% svarte at det var p.g.a. fleksibilitet og fordi dei slepp å ha eige IT-miljø med server og driftsansvar. Respondentane kunne krysse av på fleire punkt.



Figur 10: Figuren viser kvifor rekneskapsbyråa byrja med skybasert rekneskap.

Kor stor prosentandel av rekneskapa er skybasert? (Spørsmål 10 - Rekneskapsbyrå)


Av dei rekneskapsbyråa som nyttar seg av skybasert rekneskap er i gjennomsnitt 19% av rekneskapa dei fører skybasert.

Kvifor brukar dykk ikkje skybasert rekneskap? (Spørsmål 15 - Rekneskapsbyrå)

Spørsmålet går ut på kvifor bedriftene ikkje brukar skybasert rekneskap. Her kunne respondenten svare i ein tekstboks. Ei bedrift har svart at dei har alle data på server, men at kunden via tilleggsprogram har tilgang på nett til å utføre oppgåver sjølv.

Kva for rekneskapsprogram brukar dykk? (Spørsmål 20 - Rekneskapsbyrå)

Spørsmålet gjaldt kva rekneskapsprogram rekneskapsbyrået nyttar seg av. Det var mogleg å velje fleire alternativ. Ingen svarte at dei brukar 24/7. 13% svarte at dei brukar Visma eAccounting, 38% Visma Business, 13% Uni Economy, 38% Tripletex, 38% PowerOffice Go, 13% Fiken 25% Duett og 38% Agro Økonomi.



Figur 11: Figuren viser kva for rekneskapsprogram rekneskapsbyråa nyttar seg av.

Korleis trur du rekneskapskontoret ditt taklar ein eventuell nedgang i rekneskapsarbeid, på grunn av automatisering? (Spørsmål 25 - rekneskapsbyrå)

Ein fellesnemnar i svarea er at det vil vere ein naturleg overgang og at dei fleste allerede er i gang med å omstille seg. Dei er også samde om at arbeidsoppgåvene blir endra til andre typar tenester og rådgiving. Prisane må også aukast eller dei må få fleire kundar for at drifta skal vere lønsam. Ein nedgang i arbeid blir hjå nokre løyst ved at tilsette som går av med pensjon, ikkje blir erstatta.


4.2. Forskingsspørsmål 2

Vidare er det neste forskningsspørsmålet “*korleis ser digitaliseringa ut i bedriftene i dag?*”. Her også startar vi med å presentere funn frå aksjeselskap først, og deretter rekneskapsbyrå.

4.2.1. Aksjeselskap

*Dersom bedrifta har digitalisert seg, kva prosessar i bedrifta er digitalisert?
(Spørsmål 16 - Aksjeselskap)*


Her fekk dei alternativ, og kunne velje fleire. 103 stk (75%) svarte mottak og sending av faktura, 5% i tillegg til desse (80%) svarte kun sending av faktura. 52% svarte puring, 39% inkasso, 61% betaling av inngående faktura, 49% oppdatering av innbetaling, 32% reiserekningar, 36% utlegg, 15% ferieynskjer, 22% frávær, 42% timeregistrering, 63% godkjenning av faktura. 4% visste ikkje, og 9% svarte at ingen av alternativa gjelder deira bedrift. 2% svarte anna, og spesifiserte at det gjaldt lønn/lønnsystem.



Figur 12: Figuren viser kva for prosessar som er digitaliserte i aksjeselskapa.

*Synest du/dykk at rekneskapsføraren dykkar tilbyr moderne tenester?
(Spørsmål 7 - Aksjeselskap)*

Av dei med ekstern rekneskapsførar tykkjer 84% at rekneskapsføraren tilbyr moderne tenester, medan 8% tykkjer ikkje det, og resterande veit ikkje.



Figur 13: Figuren viser om aksjeselskapa tykkjer rekneskapsføraren tilbyr moderne tenester.


Kva legg du/dykk i digitalisering? (Spørsmål 18 - Aksjeselskap)

Vi spurte kva respondentane sjølv legg i digitalisering. Svært mange svarte papirlaust og at ein byter ut papir med digitale løysingar. Samt er dei fleste einige om at digitalisering betyr effektivitet når det gjeld rutinar, arbeid, og at det generelt er kostnadseffektivt. Andre fellesnemnarar er IT i kvardagen, elektroniske hjelpemiddel og app-ar som gir betre kontroll. Fleire har også svart automatisering av rekneskapsprosessar og administrative tenester, samt skybaserte løysingar.

Andre faktorar som vart tekne opp assosiert med digitalisering var: sanntids rapportering, felles system, enklare løysingar, minimal manuell gjennomgang, god flyt gjennom systemet, automatisk grensesnitt, moglegheit til å gjere meir av jobben sjølv, brukartilpassa program, EHF-faktura og bli mindre avhengig av rekneskapsførar. Det er derimot litt ueinigheiter om arbeidsmengda. Nokre meiner arbeidsmengda er like stor, andre meiner den er mindre, mens resterande meiner den er større.

Kvar er rekneskapsføraren stasjonert? (Spørsmål 5 - Aksjeselskap)

Av dei aksjeselskapa som har ekstern rekneskapsførar, svarar 83% at rekneskapsføraren er stasjonert i Indre Sogn, medan 5% i andre delar av Vestland, og dei siste 13% i andre delar av Noreg.



Figur 14: Figuren viser kvar rekneskapsføraren til aksjeselskapa er stasjonert.

4.2.2. Rekneskapsbyrå

Kor stor prosentandel av rekneskapa er digitalisert? (Spørsmål 11 - Rekneskapsbyrå)


Av dei rekneskapsbyråa som nyttar seg av skybasert rekneskap er i gjennomsnitt 55,4% av rekneskapa digitalisert.

Kor stor prosentandel av rekneskapa er digitalisert? (Spørsmål 16 - Rekneskapsbyrå)

Av dei rekneskapsbyråa som ikkje nyttar seg av skybasert rekneskap er i gjennomsnitt 65% av rekneskapa digitalisert.

Dersom kunden kan logge seg på ei skybasert løysning, kva moglegheiter har kunden? (Spørsmål 12 - Rekneskapsbyrå)

Spørsmålet gir svar på kva kunden kan gjere dersom ein kan logge på ei skybasert programvare som rekneskapsbyrået nyttar. Her ser vi at 100% av kundane kan lese oppdatert rekneskap, medan 80% kan registrere ordrar, timar og reiser. Ei bedrift svarar at kunden kan gjere akkurat det same som rekneskapsføraren.




Figur 15: Figuren viser kva kunden kan gjere pålogga ei skybasert løysning.

Dersom bedrifta har digitalisert seg, kva prosessar er digitalisert? (Spørsmål 19 - Rekneskapsbyrå)

Spørsmålet gjaldt digitaliserte prosessar. Her fekk dei fleire alternativ, og kunne velje fleire. 100% av bedriftene har digitalisert prosessane som gjeld mottak av faktura og sending av faktura (EHF). 88% svarte at dei hadde

digitalisert bilagsføring av faktura, 38% purring, 25% inkasso, 75% betaling av inngående faktura, 50% oppdatering av innbetaling, 50% reiserekningar, 25% utlegg, 13% ferieønskjer, 13% fråvær, 75% godkjenning av faktura og 63% rapportering.




Figur 16: Figuren viser kva for prosessar som rekneskapsbyrå har digitalisert.

Kva legg du/dykk i digitalisering? (Spørsmål 22 - Rekneskapsbyrå)

Dette spørsmålet går ut på kva respondenten sjølv legg i digitalisering. Svara som går igjen er papirlaust, automatisering av prosessar frå input til ferdig årsrekneskap, kunden har tilgang over nett (skybasert), bruk av EHF og utbytte av tilgjengeleg teknologi.

Kor nøgd trur du/dykk kundane er med dei digitale tenestene de tilbyr? (Nyttar skybasert rekneskap) (Spørsmål 13 - Rekneskapsbyrå)


Av dei rekneskapsbyråa som nyttar skybasert rekneskap trur 40% at kundane er svært nøgd med dei digitale tenestene dei tilbyr, 40% trur at kundane er nøgd og 20% trur kundane er nøytrale.



Figur 17: Figuren viser kor nøgd rekneskapsbyråa trur kundane deira er med dei digitale tenestene dei tilbyr.

Kor nøgd trur du/dykk kundane er med dei digitale tenestene de tilbyr? (Nyttar ikkje skybasert rekneskap) (Spørsmål 17 - Rekneskapsbyrå)

Dei som ikkje brukar skybasert rekneskap trur 67% av rekneskapsbyråa at kundane er svært nøgd med dei digitale tenestene dei tilbyr og 33% trur at kundane er nøytrale.



Figur 18: Figuren viser kor nøgd rekneskapsbyråa trur kundane deira er med digitale tenestene dei tilbyr.


4.3. Forskingsspørsmål 3

Det siste forskingsspørsmålet er “Kva moglegheiter ser bedriftene i digitalisering, og er digitale løysingar eit framtidig mål”. Vi brukar same rekkjefølgja som i dei førre delkapittla.

4.3.1. Aksjeselskap

Kva moglegheiter ser dykk i skybasert/digitalisert rekneskap? (Spørsmål 19 - Aksjeselskap)

Spørsmålet hadde svaralternativ og respondenten kunne krysse av på fleire. Resultata fordelte seg slik: 75% tidsparande, 50% billegare, 83% alltid tilgjengeleg, 46% gjera meir arbeid sjølv, 44% bruke rekneskapen som ei ferskvare og 57% bruke rekneskapen som eit styringsreknskap. 2% svarte veit ikkje mens 1% svarte anna. Dei som svarte anna har spesifisert at “den menneskelege kontakten er viktig”, og at “ein raskt kan få oversikt over kven som betalar, ikkje berre ocr som er håplaut for oppfølging”.



Figur 19: Figuren viser kva moglegheiter aksjeselskapa ser i skybasert/digitalisert rekneskap.

Kva fordelar ser du/dykk med digitalt rekneskap? (Spørsmål 20 - Aksjeselskap)

Når det gjeld kva fordelar aksjeselskapa ser med digitalt rekneskap svarar dei at det er tidsparande, betre kontroll, kostnadseffektivt, enklare, mindre papirarbeid/papirlaut

Andre fordelar med digitalt rekneskap i følgje respondentane er lønnskøyning, alltid ajour, sanntidsrapportering, fleksibel arbeidstad, lett tilgjengeleg, alt kjem på same stad, liten moglegheit at bilag kjem bort i posten, mindre rom for menneskelig feil, mindre arbeid med bilag, mindre kjedeleg arbeid, arbeidssparande, får informasjon med ein gong, lett å fange opp avvik,


oppdatert ved endring av lov/regelverk, enkelt når alt fungerer som det skal og berre fordelar.

Kva ulemper ser du/dykk med digitalt rekneskap? (Spørsmål 21 - Aksjeselskap)

Når vi spurte om kva ulemper dei ser med digitalt rekneskap var det fleire som svarte at dei ikkje ser ulemper med digitalt rekneskap. Dei som ser ulemper svarar at det er fare for lokale arbeidsplassar, nokre program har avgrensingar, lettare å gjere feil når ein gjer enkle ting sjølv, vanskelegare å kontrollere, datasikkerheit og bedriftsspionasje, ikkje tilgang til noko utan nettilgang, menneskelg kontakt, vanskeleg å rette opp i feil når dokument allereie er sendt, folk som jobbar med det som ikkje har kontroll skapar feil, framandgjerjing, informasjonsoverflod, tidstjuv mtp. fokus på detaljar i staden for anna arbeid, alltid tilgjengeleg kan vere slitsomt, opplæring kan skape demotivasjon om ein ikkje får det til, tillit (til at systemet er oppdatert på lover og reglar), meir arbeid på aksjeselskap, krevjande å lære seg, redd for tap av digitalt/skylagra informasjon, robotiserer ikkje skjønn, dersom du ikkje har økonomisk bakgrunn og ikkje forstår rekneskapsrapportar, vanskeleg når ting ikkje fungerer. I tillegg er nokre bekymra for at små selskap blir pressa inn ein marknad der løysingane er tilpassa store selskap, og at dei såleis må betale mykje for løysingar dei ikkje har brukt for.

Trur du at digitaliseringa går så langt at du/dykk i framtida byter ut rekneskapsføraren med ei digital løysing over internett? (Spørsmål 10 - Aksjeselskap)

13% svarte at dette var svært sannsynlig, 14% ganske sannsynlig, 34% ikkje sikker, 29% lite sannsynlig, og 9% meiner det er svært lite sannsynleg.



Figur 20: Figuren viser kor stor sannsynlegheit det er for at selskapa byter ut rekneskapsføraren med ei digitalisert løysing over internett i framtida.

4.3.2. Rekneskapsbyrå

Korleis ser du for deg framtida som rekneskapsfører? Korleis ser arbeidsdagen for ein rekneskapsfører ut om 10 år, med hovedefokus på kor langt digitaliseringa har komme? (Spørsmål 26 - Rekneskapsbyrå)


100% av rekneskapsbyråa trur at arbeidsoppgåvene om 10 år vil bestå av mindre rekneskapsføring og meir rådgiving.



Figur 21: Figuren viser korleis rekneskapsbyråa trur arbeidsoppgåvene deira ser ut om 10 år.

Har bedrifta som mål å bli meir digitalisert i framtida? (Spørsmål 21 - Rekneskapsbyrå)

Alle rekneskapsbyråa i regionen har som mål å bli meir digitalisert i framtida?



Figur 22: Figuren viser kor mange rekneskapsbyrå som har som mål å bli meir digitalisert i framtida.

Kva fordelar ser du/dykk med digitalisering i rekneskapsbransjen? (Spørsmål 27 - Rekneskapsbyrå)

Fordelar med digitalisering i rekneskapsbransjen er i følge respondentane mindre papir som gir meir fleksibilitet og frigjering av tid og ressursar. Kundane kan nytte tida til det dei ønskjer, samtidig som rekneskapsføraren kan vere ajour med rekneskapan og ikkje på etterskot slik som det er når kundane leverer bilag per 2. månad eller sjeldnare.


Andre fordelar er at rekneskapan vert meir ei ferskvare og betre styringsredskap for kundane, at automatisering fører til mindre feil og meir kompetanse, og høgare prisar. Til slutt meiner eit rekneskapsbyrå at det er rasjonelt, med grunngiving om at det ikkje er berekraftig å bruke tid på det som kan løysast av teknologi.

Kva ulemper ser du/dykk med digitalisering i rekneskapsbransjen? (Spørsmål 28 - Rekneskapsbyrå)

Fleire av rekneskapsbyråa ser ikkje ulemper med digitalisering. Av dei som ser ulemper går det igjen at kundane ikkje heng med i utviklinga. Datasikkerheit og bedriftsspionasje er også eit uromoment, i tillegg til at den tradisjonelle bokføraren vert vekke.

*Trur du/dykk kunstig intelligens kjem til å ta over for rekneskapsføraren?
(Spørsmål 23 - Rekneskapsbyrå)*

13% av respondentane trur at kunstig intelligens kjem til å ta heilt over for rekneskapsføraren i framtida, 63% trur delvis og 25% trur ikkje kunstig intelligens har noko å seie for rekneskapsføraren sin overlevelse.



Figur 23: Figuren viser om rekneskapsbyråa trur at kunstig intelligens kjem til å ta over for rekneskapsføraren.

4.4. Tilleggsopplysningar - SPSS

Den innsamla dataen i frå SurveyXact vart eksportert til SPSS, og koda om fordi SPSS brukar taldata til å gjere analysar. I denne delen presenterer vi tilleggsopplysningar frå SPSS som vi tykkjer er interessante før den vidare drøftinga.

Samanlinking av “Kva er alderen på dagleg leiar” og “Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap” (Aksjeselskap)

Kva er alderen på dagleg leiar? * Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap Crosstabulation

Count		Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap		Total
		Ja	Nei	
Kva er alderen på dagleg leiar?	30-39	3	0	3
	40-49	8	2	10
	50-59	5	2	7
	60-69	1	2	3
Total		17	6	23

Figur 24: Figuren viser gjennomsnitt og normalfordeling “Kva er alderen på dagleg leiar” og “Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap”

Vi ser her at flesteparten av dei aksjeselskapa som fører rekneskapaen sjølv nyttar seg av skybasert rekneskap. Det er også dei yngste daglege leiarane som i høgst grad nyttar seg av skybasert rekneskap.

Samanlinkning av “Kva er alderen på dagleg leiar” og “Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap?” (Rekneskapsbyrå)

Kva er alderen på dagleg leiar? * Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap? Crosstabulation

Count		Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap?			Total
		Ja, heilt	Ja, delvis	Nei	
Kva er alderen på dagleg leiar?	40-49	1	1	1	3
	50-59	0	0	1	1
	60-70	1	2	1	4
Total		2	3	3	8

Figur 25: Figuren viser samanlikning av “Kva er alderen på dagleg leiar” og “Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap?”

4.5. Oppsummering presentasjon av funn

Vi har i kapittel 4 presentert hovudfunna i frå dei to spørjeundersøkingane. Kun dei resultatata som vi tykkjer er viktige for den vidare drøftinga har blitt presentert, og vi skal no drøfte desse saman med sekundærdataen.

5. Analyse og drøfting

Når vi har kartlagt framgangsmåte, og samla inn og presentert alt av datamaterialet, kan vi byrje å drøfte resultata. Det gjer vi ved å sjå på samanhengen mellom teori og praksis. Vi nyttar same struktur som i kapittel fire, kor vi tar føre oss og drøftar forskingspørsmåla i kronologisk rekkjefølgje. Vi har drøfta litt utanfor dei spesifikke forskingspørsmåla, blant anna rundt kor stor prosentandel som brukar skybasert rekneskap. Det var for å få ei breiare forståing for-, og eit klarare svar på problemstillinga.

5.1. Forskingsspørsmål 1 - Kor stor prosentandel av selskapa i regionen nyttar seg av skybasert rekneskap

Spørsmål om skybaserte løysingar kan knyttast til både rekneskapsbyrå og aksjeselskap, men er i første omgang meir retta mot rekneskapsbyråa. Eit av dei viktigaste spørsmåla vi stilte var om dei nytta seg av skybasert rekneskap. Frå undersøkinga fann vi ut at over halvparten (63%) nyttar heilt eller delvis skybasert rekneskap, men at det kun er 19% av alle rekneskapa dei fører som er skybasert. Funna våre viser at rekneskapsprogram kan ha ein medverknad til det.

Sidan kun 19% av rekneskapa som blir ført av rekneskapsbyrå i regionen er skybaserte, er det interessant å sjå på kva rekneskapsprogram som blir brukt. Vi har i teorien greidd ut om kva for program som er skybaserte og kva program som er tradisjonelle/hybrid løysingar. Flesteparten av rekneskapsbyråa nyttar seg av to/tre forskjellige rekneskapssystem, der ein er av den tradisjonelle typen. Ingen av selskapa brukar kun skybaserte system. Regnskap Norge si undersøking om mest brukte rekneskapssystem i 2017 viser også at flest rekneskapsbyrå (43%) nyttar seg av både skybaserte og tradisjonelle system. I samband med teorien og svara frå spørsmål 25 om nedgang i rekneskapsarbeid, kan vi rekne med at grunnen til dette er at bedriftene har starta ein gradvis overgang til å bli skybaserte.

Kundene er truleg ein stor pådrivar til denne utviklinga ettersom rekneskapsyrket er eit serviceyrke. Figur 8 viser at 60% av rekneskapsbyråa byrja med skybasert rekneskap etter etterspørsel frå kunden. Dei har gjerne konkrete ønskjer til kva program dei ønskjer å nytte seg av, og rekneskapsføraren må levere for å vere konkurransedyktig. Vi ser allereie at rekneskapsbyråa nyttar seg av 1-4 forskjellige rekneskapsprogram, og denne utviklinga kan i stor grad vere driven av kundane. Denne teorien blir støtta av Regnskap Norge sine undersøkingar frå 2017 og 2018, som skriv om i teori-kapittelet under *tidlegare forskning på området*. Der har respondentane svart at kundane krev at rekneskapen skal bli ført i eit skybasert system, og at dei ofte har store innvendingar i kva for program som skal nyttast. Rekneskapsførarane ender då opp med å føre rekneskap i fleire forskjellige program, alt etter kva kunden ønskjer.

Dei bedriftene som kun nyttar seg av eit rekneskapsprogram, brukar system av typen tradisjonell. I frå spørjeundersøkinga har ein av respondentane som ikkje nyttar seg av skybasert rekneskap, svart at grunnen til at dei ikkje gjer det, er fordi kundane har via tilleggsprogram tilgang på nett til å utføre oppgåver sjølv. At 50% av dei mest brukte rekneskapssystema ikkje er skybasert blir også støtta av teorien frå Regnskap Norge (R. N. Austheim, 2017). Skybasert rekneskap er eit forholdsvis nytt fenomen, og i ein overgangsfase utviklar leverandørane tilleggsapplikasjonar som gjer at systemet blir ein mellomting mellom sky- og tradisjonelt system. Dette i tillegg til stor bruk av tradisjonelle rekneskapssystem kan gi ein forklaring på kvifor berre 19% av rekneskapa som blir førte i regionen, er skybasert.

Rekneskapsbyråa ytrar ei uro om at kundane ikkje vil eller ikkje heng med i utviklingsprosessen. Ein vanleg fordom er at "eldre" har lågare kunnskap om teknologi enn dei yngre generasjonane som er vakse opp med internett og data. Ved å samanlikne svara frå spørjeundersøkingane kan vi sjå om det er noko hold i denne teorien. Hjå rekneskapsbyråa er det ikkje lett å sjå noko samanheng. Dette dels fordi det ikkje er så mange rekneskapsbyrå i Indre Sogn, men også fordi dei fleste nyttar seg av skybasert rekneskap i større eller mindre grad, uavhengig om dagleg leiar er i 40- eller 60-åra. Vi ser ingen klare

teikn på at ei viss aldersgruppe er “meir” sannsynleg for å nytte seg av skybasert rekneskap. Årsaken til dette kan tenkjast å vere at rekneskapsbyråa må tilpasse seg kunden sine ønskjer uansett. Dersom dagleg leiar ikkje har kunnskapen som trengst for å starte opp med skybasert rekneskap, tilset han personar som har denne kunnskapen.

Også aksjeselskapa brukar skybasert rekneskap. Funna våre viser at blant aksjeselskapa som fører rekneskapen sjølv er det 74% som nyttar seg av skybasert rekneskap. Hjå aksjeselskapa er det lettare å sjå ein samanheng mellom alder og kva for type rekneskap som blir brukt. Vi kan sjå av figur 24 at dess eldre dagleg leiar er dess større sannsynlegheit er det for at bedrifta ikkje nyttar seg av skybasert rekneskap. I aldersgruppa der dagleg leiar er 30 til 39 år nyttar 100% av bedriftene seg av skybasert rekneskap. Kun 33% av bedriftene med dagleg leiar mellom 60 og 69 år gjer det same. Vi kan såleis seie at det ser ut til at alder har noko å sei i valet mellom skybasert og tradisjonelt rekneskap.

Vi kan sjå i spørsmål 8 og 6 sendt til aksjeselskap at mange har tilgong til skybaserte løysingar via rekneskapsføraren. 42% nyttar seg av dei skybaserte løysingane til å kommunisere med rekneskapsføraren. Det viser at det altså er ein større andel aksjeselskap utan ekstern rekneskapsførar som nyttar skybasert rekneskap. Det kan vere fleire forklaringar på det. For eksempel vil det vere lettare for eit frittståande selskap utan rekneskapsførar til å velje det programmet og systemet ein sjølv ønskjer. Sjølv om rekneskapsførarane lev av kundane sine, og i stor grad vil føye seg etter deira ønskjer, vil det likevel vere kostbart og ta litt tid å ta i bruk og setje seg inn i nye system. Saman med andre fordelar kan det vere dråpen som får aksjeselskapa til å føre rekneskapen sjølv. 39% av aksjeselskapa svarar også på spørsmål 13 at dei fører rekneskapen sjølv p.g.a. digitale løysingar, som eksempelvis kan vere skybasert rekneskap.

5.1.1. Oppsummering forskingspørsmål 1

For å oppsummere kan ein sjå at dei fleste rekneskapsbyrå brukar både skybaserte og tradisjonelle rekneskapssystem. For å konkludere på forskingspørsmålet kan ein sjå at 63% av rekneskapsbyråa i Indre Sogn nyttar seg heilt eller delvis av skybasert rekneskapssystem, men kun 19% av rekneskapa dei fører er skybaserte. Blant aksjeselskapa som fører rekneskapen sjølv nyttar 74% seg av skybasert rekneskap, mens tala for aksjeselskapa som har ekstern rekneskapsfører er 42%.

Forskingsspørsmål 1: Kor stor prosentdel av selskapa i regionen nyttar seg av skybasert rekneskap?

- *Rekneskapsbyrå:*
 - Dei fleste brukar både tradisjonelt og skybasert system.
 - 63% av byråa nyttar seg heilt eller delvis av skybasert rekneskap, mens kun 19% av rekneskapa dei fører er skybasert.

- *Aksjeselskap*
 - 74% av dei som fører rekneskapen sjølv nyttar skybasert rekneskap.
 - 42% av dei med ekstern rekneskapsfører nyttar seg av skybaserte løysningar

5.2. Forskingsspørsmål 2 - Korleis ser digitaliseringa ut i bedriftene i dag

Det er ein ting kva teorien seier om kva digitalisering som er tilgjengeleg, men i praksis er det ein annan sak om kor langt ein har kome. Teorien tilseier at det er mange moglegheiter tilgjengelege, til dømes at kunden kan leggje inn informasjon sjølv, og at rekneskapen alltid er tilgjengeleg. Det betyr ikkje at digitaliseringa i praksis er komen like langt. For å finne ut kor langt den digitale utviklinga har kome vil vi sjå korleis digitaliseringa ser ut i bedriftene

i dag. For å prøve å kartlegge det vil vi byrje med å gå igjennom kva bedriftene sjølv legg i digitalisering.

Effektivisering vart trekt fram av aksjeselskapa som både ein fordel ved-, og eit av punkta på kva dei legg i digitalisering. Det er interessant at dette vart teke opp i spørjeundersøkinga ettersom det har relevans frå teorien om digitalisering og tradisjonelt rekneskap. I moderniseringsdepartementet sin definisjon kjem det fram at effektivisering er ein av fordelane ved digitalisering. I teorien om tradisjonell rekneskapsføring kan vi relatere effektivisering til korleis rekneskapsføringsprosessen er no opp imot før. Prosessen blir i dag gjort enklare, sjølv om sjølve oppgåvene som blir gjort er mykje dei same, berre meir effektivisert. Dette kan ein sjå at blir teke opp når respondentane frå aksjeselskapa blir spurt om digitalisering. Dei svarte “då slepp vi sånn som før”, noko som kan tolkast til at dei slepp like mykje papir, mindre fram og tilbake, og at dei får betre kontroll.

Effektivisering blir derimot ikkje berre sett på som positivt, det kom også fram det motsette. Fleire bedrifter i undersøkinga har svart at bedrifta er nokså lita, og då er det lettare, og faktisk meir effektivt å ha fysiske møter, i standen for digitale. I tillegg til det var det ei type tilbakemelding som fekk oss til å tenkje. Respondentane var svært ueinige om det vart meir eller mindre arbeid med digitalisering. For kva er det då som veg mest, jobben ein gjer, eller tida ein brukar på å setje seg inn i digitaliseringa? Ein erfaren rekneskapsfører som har arbeida innan feltet i x antall år, bruker kanskje like mykje, om ikkje meir tid på å setje seg inn i nye digitaliserte system, i staden for å gjere jobben slik ein alltid har gjort det. For aksjeselskapa kan det vere det tar like mykje tid å lære seg rekneskapen sjølv og opparbeide ein viss forståing for rekneskapsrapportar, som det kjem fram frå spørsmål 21. Som vi drøfta i forskingsspørsmål ein, kan det tyde på at alder på dagleg leiar kan ha noko å seie her også, utan at vår oppgåve eller forskingsspørsmål tar sikte på å svare på slike koplingar.

Kva rekneskapsbyråa legg i digitalisering var meir retta mot rekneskapsbransjen, og gjekk meir på typar program eller prosessar. Dei trakk

blant anna fram meir bruk av EHF for effektivisering og tilgjengelegheit for kunden. Ved skybasert rekneskapsystem, som er ein digitalisert måte for rekneskapsføring, skal kunden i prinsippet ha moglegheit til å gjere akkurat det same som rekneskapsføraren. Blant anna lese oppdatert rekneskap til ein kvar tid. Våre funn ved spørjeundersøkinga til rekneskapsbyrå viser at alle kundane deira som har moglegheit til å logge seg på ei skybasert løysing, kan lese oppdatert rekneskap.

Den største fellesnemnaren på kva både aksjeselskapa og rekneskapsbyråa legg i digitalisering, er automatisering og fråværet av papir. Med mindre papir blir det frigjering av tid og ressursar, som igjen kan koplast til effektivisering.

Det respondentane legg i digitalisering stemmer godt overeins med teorien om kva digitalisering er. Det er derimot nokre ulikheiter i kva aksjeselskapa og rekneskapsbyråa trekk fram. Det kan for eksempel vere på grunn av kva aksjeselskapa jobbar med i forhold til rekneskapsbyrå, eller at dei grunna ulik bakgrunn og filter har ulik forståing av kva det er. Totalt kan det virke som at dei fleste, både aksjeselskap og rekneskapsbedrifter tenkjer på ein forenkla, og effektivisert kvardag når vi spør kva dei legg i digitalisering.

Ein ting er kva selskapa legg i digitalisering, ein annan ting er kor langt digitaliseringa er kome. Sjølv om respondentane sine definisjonar gir oss eit innblikk i kva som er digitalisert, vil vi sjå på faktiske tal. Spørsmål 11 og 16 til rekneskapsbyrå gir oss svar på det. Over halvparten av rekneskapa dei fører er digitalisert uansett om dei nyttar seg av skybasert rekneskapsystem eller ikkje. Det viser seg at rekneskapsbyråa som ikkje nyttar skybaserte system er komne litt lenger med digitaliseringa (ca. 10%). Rekneskapsbyråa trur også at kundane er nøytrale til nøgde med dei digitale tenestene dei tilbyr, mens det viser seg at heile 84% av aksjeselskapa tykkjer at rekneskapsføraren tilbyr moderne tenester. Funna våre viser at ca. 60% av rekneskapa til rekneskapsbyråa i Indre Sogn er digitaliserte. Årsaken til at så mange av aksjeselskapa tykkjer at rekneskapsføraren tilbyr moderne tenester kan difor vere fleire. Det kan godt vere at dei er nøgde med eit mindre digitalt rekneskap. Andre grunnar kan vere at dei selskapa vi har spurt har andre

rekneskapsførarar med fleire digitaliserte tenester, enn dei rekneskapsbyråa som har svart på undersøkinga vår. Dersom mange nyttar seg av digitaliserte løysingar er det lettare å ha rekneskapsførar som ikkje nødvendigvis bur på same plassen. Det viser også spørsmål 5, der ein ser at 18% av aksjeselskapa har ekstern rekneskapsførar som er stasjonert utanfor Indre Sogn.

Vi spurte også begge utvala kva prosessar i deira bedrifter som er digitaliserte. Alternativa vi la fram kjem frå teori om kva prosessar som vanlegvis er digitalisert. Både aksjeselskapa og rekneskapsbyråa har mange digitaliserte løysingar, og er godt i gang. Dei mest digitaliserte prosessane kjem fram i spørsmål 16 for aksjeselskap og spørsmål 19 for rekneskapsbyrå.

Fellesnemnaren for kva prosessar som er mest digitalisert i både aksjeselskap og rekneskapsbyrå er faktura. Dei fleste nyttar seg av EHF-faktura (nesten 90%). I den andre enden av skalaen kan det sjå ut til at 9% av aksjeselskapa i regionen ikkje har starta digitaliseringsprosessen endå, då dei ikkje har digitalisert nokon av prosessane som er i alternativa.

Samanlikna med den tidlegare forskinga frå Visma Digital Index 2018 kan det ved første augekast sjå ut til at digitaliseringa jamt over har teke eit skritt tilbake, noko som mest truleg ikkje er realiteten. Det mest overraskande punktet er timeregistrering, men også fråvær og ferieønsker er mindre digitalisert i regionen. Kun 42% av aksjeselskapa og 50% av rekneskapsbyrå har digitalisert timeregistrering, mot 71% i Visma sin undersøkelse i 2018. Som nemt tidlegare blir no tala i frå regionen Indre Sogn samanlikna med tal i frå heile Noreg, Sverige, Danmark og Nederland. Det er derfor ikkje sikkert at det vil gi eit realistisk bilete av korleis digitaliseringa har utvikla seg i løpet av dei siste åra. Som vi ser av Statistisk Sentralbyrå sin undersøkelse frå 2018 er det stor grunn til å tru at digitaliseringa har komme lenger i byar enn ute i distrikta. Sjølv om undersøkinga deira gjekk på kommune Noreg gir det oss ein indikasjon på at færre prosessar er digitalisert i distrikta enn f.eks. byane. Så sjølv om våre tal avvik frå tidlegare utførte undersøkingar, kan det sjå ut som det har ein naturleg forklaring.

5.2.1. Oppsummering forskingsspørsmål 2

Digitaliseringa i bedriftene i dag er kome godt i gang, og bedriftene tykkjer sjølv dei er digitaliserte. Rekneskapsbyråa har digitalisert over halvparten av dagens rekneskap, og dei trur kundane er nøytrale til nøgde med dagens tilbud. Flesteparten av aksjeselskapa tykkjer at rekneskapsføraren tilbyr moderne digitale tenester. Av digitaliserte prosessar er det EHF-faktura som er mest i bruk. På grunnlag av teorien og det som kjem fram i undersøkinga verkar det som fleire av dei moglege digitale løysingane er tekne i bruk, men at fleire bedrifter fortsatt har utviklingspotensiale.

Forskingsspørsmål 2: Korleis ser digitaliseringa ut i bedriftene i dag?

- Rekneskapsbyrå:
 - Ca. 60% av rekneskapa som rekneskapsbyråa i regionen fører er digitaliserte.
- Aksjeselskap:
 - 9% av aksjeselskapa ser ikkje ut til å ha starta digitaliseringsprosessen.
- Både rekneskapsbyrå og aksjeselskap:
 - I underkant av 90% nyttar EHF-faktura.
 - Dei minst digitaliserte prosessane er timeregistrering, fråvær og ferieønskjer.
 - På grunnlag av teorien og det som kjem fram i undersøkinga verkar det som fleire av dei moglege digitale løysingane er tekne i bruk, men at fleire bedrifter fortsatt har utviklingspotensiale.

5.3. Forskingsspørsmål 3 - Kva moglegheiter ser bedriftene i digitalisering, og er digitale løysingar eit framtidig mål

For å betre belyse kva moglegheiter bedriftene ser, og framtidig mål for digitalisering, skal vi sjå på dei fordelane og ulempene som respondentane gav uttrykk for i spørjeundersøkingane. Fordelane rekneskapsbyråa nemnde var at

når arbeidet vart papirlaust vart dei meir fleksibile og fekk meir frigjerung av tid og ressursar. Dei kom med få ulemper, men dei ulempene dei såg var usikkerheit rundt kor sikkert systema er, og om kunden ikkje heng med på utviklinga, som vi også var inne på i forskningsspørsmål 1.

Aksjeselskapa ser også fråværet av papir som ein fordel, i tillegg til betre kontroll, fleksibilitet, og effektivitet. Desse kan fort vere noko av årsaka til ein av ulempene dei sjølv tok opp, nemleg fare for lokale arbeidsplassar. Ut i frå korleis dei skriv kan det virke som dei meiner generelt, og at det ikkje nødvendigvis er retta mot rekneskapsbransjen.

Det kjem fram av kapittel fire, spørsmål 21 at dei ser nokre ulemper med f.eks. feil med programmet, brukarfeil og moglegheiten for å gjere småjusteringar. Dei fleste av desse ulempene kan løysast med god opplæring, lærevilligheit, og forståing for digitaliseringsprosessen.

Vidare spurte vi kva moglegheiter dei ser i digitalisering (spørsmål 19). Her fekk dei svaralternativ, men kunne også skrive andre alternativ om ønskjeleg. Vi sette opp alternativa ut ifrå kva vi har lest frå tidlegare litteratur. Alltid tilgjengeleg, tidsbesparande og bruka rekneskapen som eit styringsredskap var dei punkta aksjeselskapa såg mest moglegheiter i. To av desse punkta heng i lag. Sidan rekneskapen alltid er tilgjengeleg og oppdatert er det lettare og nyttig å bruke den som eit styringsredskap.

Ein stor del av aksjeselskapa meiner at digitalisering skapar billegare rekneskapsføring og meir tilgjengelegheit, og at dette er ein fordel. Nokre aksjeselskap meinte at det også kunne vere ei ulempe, ettersom dei svarte at det ikkje nødvendigvis vart billegare om ein digitaliserte seg. Dei som svarte dette er redde for at dei blir pressa inn i ein marknad der løysningane er tilpassa store aksjeselskap med kompliserte behov innanfor rekneskap, og at kostnadane for dei små såleis også aukar, sjølv om dei ikkje har bruk for slike spesial løysingar. Digitalisering skal i teorien gje kunden eit betre rekneskapsprodukt, og ein ser frå tidlegare litteratur at kunden i dei fleste tilfellene vil vere villig til å betale meir, for eit betre produkt.

Rekneskapsbyråa ser seg nødt til å enten ta ein høgare pris for den jobben dei gjer, eller ha fleire kundar, då digitale system kostar meir. Andre fordelar aksjeselskapa trekte fram, men som rekneskapsbyråa såg på som både fordel og ulempe, var tilgjengelegheit. Å alltid vere tilgjengeleg er ikkje berre positivt, med tanke på at det kan trenge seg på privatlivet og fritida.

Det kom det også fram at aksjeselskap og rekneskapsbyråa tykkjer den menneskelge kontakten er viktig. Dette tek oss inn på tema om kunstig intelligens, som er “siste skrik” innan digitalisering. Det store spørsmålet er om kunstig intelligens i framtida klarar å erstatte den menneskelege kontakten, og rådgivinga som i dag blir gjort av rekneskapsførarane. Om kunstig intelligens “tar over” er nok ikkje ei like stor frykt for aksjeselskapa, sidan dei uansett får rekneskapa gjort for seg, og det berre er ein liten del av deira dagleg drift. Grunnen til at vi tek det er med er fordi det er relevant for digitaliseringsprosessen, og for å sjå korleis bedriftene ligg an.

Vidare spurte vi derfor rekneskapsbyråa om dei trur kunstig intelligens kjem til å ta over (spørsmål 23). Like over halvparten (63%) svarer ja, men 100% svarer i spørsmål 26 at dei trur arbeidsoppgåvene kjem til å gå over til å bestå av meir rådgiving og mindre rekneskapsføring. Desse svara stemmer ikkje heilt overeins, eller kva teorien viser om kva kunstig intelligens er.

Automatisering er det som kan ta over rekneskapsføringa, medan kunstig intelligens kan tenkjast at skal kunne ta over rådgivinga i framtida. Vi stilte aksjeselskapa eit liknade spørsmål; om dei trur digitaliseringa går så langt at dei i framtida byter ut rekneskapsføraren med ei digital løysing over internett. Det spør ikkje direkte om kunstig intelligens, men kan tolkast slik. Dei fleste her var usikre. Ein mogleg grunn kan vere at dei ikkje veit at det finnast ein moglegheit for å føre rekneskapa sjølv gjennom eit digitalt system.

Når det kjem til framtidig mål om digitalisering stilte vi eit ganske enkelt og konkret spørsmål i undersøkinga til rekneskapsbyråa kor alle svarte ja; “*Har bedrifta som mål å bli meir digitaliserte?*”. Som nemnt svarte også alle desse at dei i framtida trur at arbeidsoppgåvene vil bestå av meir rådgiving og mindre rekneskapsføring. For at det skal vere mogleg må det kunnskapsrike

tilsette til. Dette er rekneskapsførarane einige i. Nokre er usikre på om dei har rett folk med god nok kompetanse til å klare overgangen, og andre poengterer at bedrifter som har satsa på autoriserte rekneskapsførarar er best rusta for framtida. Dette blir også støtta av NARF, som skriv om i kapittel 2. Manuell og digital rekneskapsføring stiller i utgangspunktet like krav til rekneskapsfagleg kompetanse. Dermed er ikkje rekneskapsføraren sin eksistens truga, endå. I tillegg vil det i framtida vere ekstra viktig å ha kunnskapsrike tilsette som også har kunnskap om IT, om alt foregår digitalt.

Det er ikkje noko tvil om at rekneskapsføraren framleis har ei viktig rolle for aksjeselskapa, og at dette også vil fortsetje i framtida. Fleire fryktar å miste kontakt og rådføring når papirrekneskapa blir digitale og meir kan gjerast utan å fysisk møtast. Også rekneskapsførarane set pris på dei fysiske møta å det å kunne rådføre seg med kollegaer. Sjølv dei som ikkje har ekstern rekneskapsførar saknar blant anna rådgiving frå rekneskapsførar. Som vi har nemnt før er fleire aksjeselskap usikre på om dei i framtida vil byte ut rekneskapsføraren med ei digitalisert løysing over internett (Spørsmål 10 - aksjeselskap). Av dei resterande respondentane er det 27% som er meir positive til å byte ut rekneskapsføraren, mens heile 38% ser dette som lite sannsynleg. Det verkar som at ein del er nysgjerrige på om ei digitalisert løysing kan gjere jobben like godt som den noverande rekneskapsføraren deira. Resten er godt nøgd med den noverande løysinga og har ikkje planar om å skifte ut rekneskapsføraren.

Til slutt ser vi av spørsmål 8 at mange aksjeselskap som har ekstern rekneskapsførar også har lyst til å bli meir digitaliserte. 57% av dei som ikkje har tilbod om skybaserte løysingar ønskjer at rekneskapsføraren skal tilby dette i framtida.

5.3.1. Oppsummering forskingsspørsmål 3

For å oppsumere kan vi sjå at aksjeselskapa ser forskjellige moglegheiter med digitalisering, men dei største er alltid tilgjengeleg, tidsparande og bruka rekneskapa som eit styringsredskap. Fleire aksjeselskap som i dag har ekstern

rekneskapsfører, ser ein moglegheit i å føre rekneskapen sjølv gjennom eit digitalisert rekneskapsprogram i framtida. Rekneskapsføraren ser ei framtid med meir rådgiving og mindre rekneskapsføring, og alle rekneskapsbyråa har som framtidig mål å bli meir digitaliserte. Av aksjeselskapa som ikkje har tilbod om skybaserte løysingar i dag, ønsjer 57% at rekneskapsføraren skal tilby dette i framtida.

Forskingsspørsmål 3: Kva moglegheiter ser bedriftene i digitalisering, og er digitale løysningar eit framtidig mål?

- Rekneskapsbyrå:
 - Ser ei framtid med meir rådgiving og mindre rekneskapsføring
 - 100% har som mål å bli meir digitalisert i framtida

- Aksjeselskap
 - Dei største moglegheitene dei ser med digitalt rekneskap er at det alltid er tilgjengeleg og såleis kan brukast som eit styringsredskap, og at det er tidsparande.
 - Fleire aksjeselskap som i dag har ekstern rekneskapsfører ser ei moglegheit i å føre rekneskapen sjølv gjennom eit digitalisert rekneskapsprogram i framtida.
 - 57% av dei med ekstern rekneskapsfører som ikkje tilbyr skybaserte løysingar i dag, ønsjer at rekneskapsføraren skal tilby dette i framtida.

6. Oppsummering og konklusjon

Kapittel seks er siste kapittel i oppgåva. Vi har i dei førre kapittel redegjort for teori og metode, samla inn og analysert datamaterialet og drøfta dette. I siste kapittel skal vi oppsummere oppgåva, og så godt det lar seg gjere, svare på problemstillinga.

6.1. Oppsummering og konklusjon

I kapittel 2 redegjorde vi for sekundærdata, og starta med ei rask avklaring på kva rekneskapsførar, rekneskapsføring og rekneskapsbyrå er. Vidare har vi greid ut om historia til rekneskapsføring. Her starta vi heilt frå scratch, tilbake til år 3300 f.Kr. då skatteoversikt vart nedteikna på steintavler, og fram til notidas rekneskapsføring. Vi tykte også det var vesentleg å ha med noko av den tidlegare forskinga på området.

I kapittel fire presenterte vi funn frå dei to spørjeundersøkingane vi sendte ut, og i kapittel fem analyserte og drøfta vi dette datamaterialet saman med teori. Vi har blant anna drøfta og sett at mykje av teorien stemmer ihop med det som respondentane har svart på spørjeundersøkinga. For eksempel når det gjeld kva digitalisering, skybasert rekneskap og automatisering er.

I denne oppgåva har hovedfokus vore å finne ut kor langt den digitale utviklinga i rekneskapsbransjen har kome, og vi har brukt tre forskingsspørsmål for å hjelpe å svare på problemstillinga.

I forskingsspørsmål ein viser funna våre at over 60% av rekneskapsbyråa nyttar seg heilt eller delvis av skybasert rekneskapssystem, mens kun 19% av rekneskapa dei fører er skybaserte. Av aksjeselskapa som fører rekneskapan sjølv nyttar 74% seg av skybasert rekneskap, medan blant dei som har ekstern rekneskapsførar er talet 42%.

Som nemnt i forskingsspørsmål to verkar det som om kunnskapen og forståinga om kva digitalisering er, er til stades, noko som er elementært for å kunne utvikle seg. I tillegg er 60% av rekneskapa som rekneskapsbyråa i regionen fører, digitaliserte. 9% av aksjeselskapa ser ikkje ut til å ha starta digitaliseringsprosessen endå. Bedriftene tykkjer sjølv dei er digitaliserte og både rekneskapsbyrå og aksjeselskapa nyttar seg av mange digitaliserte prosessar. Her er EHF-faktura mest brukt. Blant dei minst digitaliserte prosessane er timeregistrering, fråvær og ferieønskjer.

I forsknings spørsmål tre ser vi at rekneskapsbyrå og aksjeselskap ser forskjellige moglegheiter. Dei største moglegheitene med digitalisert rekneskap er i følgje aksjeselskapa at rekneskapen alltid er tilgjengeleg og at dei såleis kan bruka rekneskapen som eit styringsredskap og at det er tidsparande. Det er litt ueinigheiter om digitalisering gjer rekneskapsføring billegare eller dyrare for kunden. Her er nok spørsmålet om det er gode løysingar eller pris som veg høgast. Blant dei aksjeselskapa som i dag har ekstern rekneskapsfører er det fleire som kan tenkje seg å prøve ei digitalisert løysing over internett i framtida. 57% av dei med ekstern rekneskapsfører som ikkje tilbyr skybaserte løysingar i dag, ønskjer at rekneskapsføraren skal tilby dette. Når det gjeld rekneskapsbyråa har 100% som mål å bli meir digitaliserte. Med hovedfunna frå forskings spørsmåla friskt i minne, kan vi gå vidare til konklusjon.

Våre funn viser at digitaliseringa er godt i gong, men at selskapa fortsatt har eit stykke å gå i forhold til kva som er tilgjengeleg. Det kan sjå ut som det er fleire prosessar tilgjengeleg for digitalisering og effektivisering, som fleire bedrifter ikkje har teke i bruk. Det ser også ut til at mange av kundane er positive til skybaserte løysingar og at rekneskapsbedriftene såleis i framtida har moglegheit til å føre ein større del av rekneskapa skybasert. Vi vil derfor konkludere med at digitaliseringa i Indre Sogn ikkje har kome så langt som moglegheitene tilseier, dei har eit lite stykke igjen, men at utviklinga går framover.

Vi har gjennomført forskinga vår på aksjeselskap og rekneskapsbyrå i Indre Sogn. Sjølv om dei faktiske utvala våre er forholdvis små, reknar vi med at resultatata er generaliserbare for heile populasjonen, og viser kva tendensar som er i regionen.

6.2. Forslag til vidare forskning

Innanfor emnet digitalisering i rekneskapsbransjen finst mykje som vi ikkje har belyst i denne oppgåva. Det kunne vore interessant å gjennomføre same undersøkinga om 2-5 år for å sjå om bedriftene faktisk har fortsett digitaliseringsprosessen. Det hadde også vore spennande å gjennomført ei kvalitativ studie om det same som er belyst i oppgåva for å gå i djupna på kor langt den digitale utviklinga har kome.

Våre funn og drøftingar viser tendensar til at alder kan ha noko å sei for kor langt dei er komen med digitaliseringa. Men det er uvisst ettersom det ikkje var det som var formålet med denne oppgåva. Det kunne derfor også vore interessant å sett eit studie med eit kausalt design for å evt. finne kausalitet eller samanhengar mellom alder på tilsette-, eller alder på bedrifta og digitalisering.

Kjelder

- Andersen, P. B. (2019, august 1). Henta 24. februar 2021. *Automatisering*. Store norske leksikon. <http://snl.no/automatisering>
- Austheim, R. N. (2017, oktober 30). Henta 25. februar 2021. *Slik vurderes de mest brukte regnskapssystemene i 2017*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/bransjeaktuelt/slik-vurderes-de-mest-brukte-regnskapsystemene-i-2017/>
- Austheim, S. (2015, januar 29). Henta 19. februar 2021. *Er det stor forskjell i tidsbruk på manuell og digital bokføring?* Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/teknologi2/er-det-stor-forskjell-i-tidsbruk-pa-manuell-og-digital-bokforing/>
- Austheim, S. (2018, desember 12). Henta 12. mai 2021. *Profesjonelle brukere sin vurdering av egne regnskapssystemer i 2018*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/teknologi2/profesjonelle-brukere-sin-vurdering-av-egne-regnskapsystemer-i-2018/>
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg). Gyldendal Akademisk.
- Data fra Enhetsregisteret | Brønnøysundregistrene*. (2021a). Henta 19. april 2021. <https://data.brreg.no/enhetsregisteret/oppslag/enheter?konkurs=false&kommunenummer=4640,4641,4639,4644,4642,4643&organisasjonsform=AS&sort=navn.norwegian,asc>
- Data fra Enhetsregisteret | Brønnøysundregistrene*. (2021b). Henta 19. april 2021. <https://data.brreg.no/enhetsregisteret/oppslag/enheter?konkurs=false&naeringskode=69.201,69.2,69.20&kommunenummer=4640,4641,4639,4644,4642,4643&sort=navn.norwegian,asc>
- Digdir. (2020, juni 19). Henta 24. februar 2021. *EHF (Elektronisk handelsformat) | Digdir*. <https://www.digdir.no/digitale-felleslosninger/ehf-elektronisk-handelsformat/1678>
- Eige arbeid. (2021). *Tidslinje: Historien til rekneskapsføring*.

- Ellefsen, H. C. (2016, februar 3). Henta 8. februar 2021. *Regnskap i skyen – til glede og besvær*. Regnskap Norge.
<https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/teknologi2/regnskap-i-skyen--til-glede-og-besvar/>
- Hindre for digitalisering—Nr 03—2015—Praktisk økonomi & finans—Idunn. (u.å.). Henta 22. februar 2021, frå https://www.idunn.no/pof/2015/03/hindre_for_digitalisering
- Huse, P. I. (2020). Henta 30. april 2021. *Kunstig intelligens og finans*. Praktisk økonomi & finans; Universitetsforlaget.
https://www.idunn.no/pof/2020/01/kunstig_intelligens_og_finans_
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (2. utg.). Høyskoleforl.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Johannessen, A., Christoffersen, L., & Tufte, P. A. (2011). *Forsningsmetode for økonomisk-administrative fag* (3.utg.). Abstrakt forlag.
- Johannessen, A., Christoffersen, L., & Tufte, P. A. (2020). *Forsningsmetode for økonomisk-administrative fag* (4.utg.). Abstrakt forlag.
- Kaurel, F.-E., & Lundal, S. O. (2021, januar 26). Henta 21. februar 2021. *Bokføring*. Store norske leksikon. <http://snl.no/bokf%C3%B8ring>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014, desember 6). Henta 8. februar 2021. *Digitalisering i offentlig sektor* [Redaksjonellartikkel]. Regjeringen.no; regjeringen.no.
<https://www.regjeringen.no/no/tema/statlig-forvaltning/ikt-politikk/digitaliseringen-i-offentlig-sektor/id2340245/>
- Kristoffersen, T. (2014). *Virksomhetsstyring og regnskapsorganisering: Lærebok* (2014. utg.). Fagbokforl.
- Kristoffersen, T. (2019). *Årsregnskapet: En grunnleggende innføring* (6. utgave.). Fagbokforl.
- Krogh, V. V. (2019, mars 1). 2. mai 2021. *Visma Digital Index 2018—En undersøkelse om digital modenhet*. Proplan. <https://www.proplan.no/digital-index-2018/>

Le, O. T. T., & Cao, Q. M. (2020). 14. februar 2021. *Examining the technology acceptance model using cloud-based accounting software of Vietnamese enterprises.*

Management Science Letters.

http://www.growingscience.com/msl/Vol10/msl_2020_128.pdf

Nasjonal strategi for kunstig intelligens—Regjeringen.no. (u.å.). Henta 25. februar 2021, frå

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-kunstig-intelligens/id2685594/?ch=3>

Regnskap Norge. (2021). Henta 4. mai 2021. *GRFS*. Regnskap Norge.

<https://www.regnskapnorge.no/faget/grfs/grfs/>

Riise, S. (2004, november 24). Henta 22. februar 2021. *Regnskapsførerbransjen – en bransje i endring.* Praktisk økonomi & finans.

http://www.idunn.no/pof/2004/04/regnskapsforerbransjen_-_en_bransje_i_endring

Rybalka, M., Røgeberg, O., & Dyngen, Ø. Å. (2019). *Digitalisering i kommunene. Overblikk over tilstanden i 2018.* 46.

Sangster, A. (2021). Henta 29. april 2021. The Life and Works of Luca Pacioli (1446/7–1517), Humanist Educator. *Abacus*, 57(1), 126–152.

<https://doi.org/10.1111/abac.12218>

Tidemann, A. (2020, januar 8). Henta 25. februar 2021. *Kunstig intelligens.* Store norske leksikon. http://snl.no/kunstig_intelligens

Vedlegg 1: Aksjeselskap spørjeundersøkelse

Aksjeselskap

Spørjeundersøkinga blir gjort i forbindelse med bacheloroppgåva vår, om digitalisering i rekneskapsbransjen, ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal.

Nokre av spørsmåla inneheld tekstboks der ein **kan** svare med eigne ord, vi ber dykk om å ikkje skrive sensitiv informasjon for at undersøkinga skal haldast anonym.

For å kunne levere undersøkinga lyt ein svare på alle spørsmål med svaralternativ. Det finst også nokre spørsmål der ein svarar med eigne ord, desse er ikkje obligatoriske, men vi blir veldig glad om du tek deg tida til å svare kort på desse også.

Tusen takk for at dykk deltek!

Generell info om bedrifta

Kor gammal er bedrifta?

- (1) q 0-5 år
- (2) q 6-15 år
- (3) q 16-25 år
- (4) q 26-40 år
- (5) q 41-70 år
- (6) q Over 70 år

2. Kor mange årsverk er det i bedrifta?

3. Kva er alderen på dagleg leiar?

- (1) q Under 20
- (2) q 20-29
- (3) q 30-39
- (4) q 40-49
- (5) q 50-59
- (6) q 60-69
- (7) q Over 70

4. Benyttar bedrifta seg av rekneskapsførar?

- (1) q Ja, ekstern rekneskapsførar
- (3) q Nei, intern økonomiansvarleg eller dagleg leiar gjer det sjølv

Dersom «Nei, internøkonomiansvarleg eller dagleg leiar gjer det sjølv», hopp til spørsmål 11.

Dersom «Ja, ekstern rekneskapsførar» fortsett på neste spørsmål.

5. Kvar er rekneskapsføraren stasjonert?

- (1) q Indre Sogn
- (3) q Andre delar av Vestland
- (4) q Resten av Norge
- (5) q Utlandet

6. Korleis held du kontakt med rekneskapsføraren? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) q Ved fysisk besøk
- (2) q E-post
- (3) q Telefon
- (4) q Pålogging via skybaserte løysningar
- (6) q Har aldri besøkt rekneskapsføraren på kontoret
- (7) q Anna: _____

7. Synest du/dykk at rekneskapsføraren dykkar tilbyr moderne tenester?

- (1) q Ja
- (2) q Nei
- (3) q Veit ikkje

8. Ynskjer bedrifta at rekneskapsføraren skal tilby tenester som gjer at dykk som kunde kan leggje inn opplysningar digitalt i eit skybasert program? (I staden for levere papir fysisk/sende mail)

- (1) q Ja
- (2) q Nei
- (3) q Veit ikkje
- (4) q Rekneskapsføraren tilbyr det allerede

9. Kva tenester saknar du/dykk eventuelt frå rekneskapsføraren?

10. Trur du at digitaliseringa går så langt at du/dykk i framtida bytar ut rekneskapsføraren med ei digitalisert løysing over internett?

- (1) q Svært sannsynleg
- (2) q Ganske sannsynleg
- (3) q Ikkje sikker
- (4) q Lite sannsynleg
- (5) q Svært usannsynleg

Hopp til spørsmål 16.

Skybasert rekneskap er ein type programvare som gjer det mogleg for både reknekspasføraren og kunden å oppdatere og sjå informasjon når som helst, kvar som helst. Informasjonen er lagra i "skyen" og ikkje på ein lokal server.

11. Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap

- (1) q Ja
- (2) q Nei
- (3) q Veit ikkje

12. Kva for rekneskapsprogram brukar dykk? (Det er mogleg å velje fleire)

- (4) q Agrol
- (1) q Duett
- (7) q Fiken
- (6) q Tripletex
- (5) q Uni Economy
- (2) q Visma Business
- (3) q Visma eAccounting
- (8) q 24/7
- (13) q PowerOffice Go
- (9) q Brukar ikkje rekneskapsprogram
- (14) q Veit ikkje
- (12) q Andre:

13. Kvifor fører de rekneskapet sjølv? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) q Har tilsett kvalifisert medarbeidar som gjer det
- (2) q Pris
- (3) q Digitale løysningar
- (5) q Full kontroll over rekneskapen
- (4) q Anna: _____

14. Kor stor sannsynlegheit er det for at de også i framtida vil føre rekneskapen sjølv?

- (1) q Svært sannsynleg

- (2) q Ganske sannsynleg
- (3) q Ikkje sikker
- (4) q Lite sannsynleg
- (5) q Svært usannsynleg

15. Kva tenester saknar du/dykk som ei rekneskapsbedrift kunne hjelpt dykk med?

Tankar om digitalisering i rekneskapsbransjen

Digitalisering skal bidra til å effektivisere oppgåver, redusere kostnader, frigjere tid og gje meir nøgde tilsette.

16. Dersom bedrifta har digitalisert seg, kva prosessar i bedrifta er digitalisert? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) q Mottak av faktura (EHF-faktura)
- (2) q Sending av faktura (EHF-faktura)
- (3) q Purring
- (4) q Inkasso
- (5) q Betaling av inngåande faktura
- (6) q Oppdatering av innbetaling
- (7) q Reiserekningar
- (8) q Utlegg
- (9) q Ferieynskjer
- (10) q Fråvær
- (11) q Timeregistrering
- (12) q Godkjenning av faktura
- (15) q Ingen av desse gjeld vår bedrift
- (13) q Veit ikkje
- (14) q Anna: _____

17. Kva tykkjer du om den digitale utviklinga når det gjeld rekneskap?

- (1) q Svært positiv
- (2) q Positiv
- (4) q Likegyldig
- (5) q Negativ
- (6) q Svært negativ

18. Kva legg du/dykk i digitalisering? (kort)

Skybasert rekneskap er ein type programvare, som gjer det mogleg for både reknskapsføraren og kunden å oppdatere samt sjå informasjon kva tid som helst, kvar som helst. Informasjonen er lagra i "skyen" og ikkje på ein lokal server.

Digitalisering skal bidra til å effektivisere oppgåver, redusere kostnader, frigjere tid og gje meir nøgde tilsette.

19. Kva moglegheiter ser dykk i skybasert/digitalisert rekneskap? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) Tidsbesparande
- (2) Billegare
- (3) Alltid tilgjengeleg
- (5) Gjera meir arbeid sjølv
- (7) Bruka rekneskapen som ei ferskvare
- (8) Bruka rekneskapen som eit styringsredskap
- (9) Veit ikkje
- (4) Anna: _____

20. Kva fordelar ser du/dykk med digitalt rekneskap?

21. Kva ulemper ser du/dykk med digitalt rekneskap?

Tusen takk for hjelpa! Tykk på "avslutte" for å sende inn skjemaet.

Vedlegg 2: Rekneskapsbyrå spørjeundersøkelse

Rekneskapsbyrå

Spørjeundersøkinga blir gjort i forbindelse med bacheloroppgåva vår, om digitalisering i rekneskapsbransjen, ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal.

Nokre av spørsmåla inneheld tekstboks der ein **kan** svare med egne ord, me ber dykk om å ikkje skrive sensitiv informasjon for at undersøkingan skal haldast anonym.

For å kunne levere undersøkinga må du svare på alle spørsmål med svaralternativ. Det finst også nokre spørsmål der du svarar med egne ord, desse er ikkje obligatoriske, men vi blir veldig glad om du tek deg tida til å svare kort på desse også.

Tusen takk for at dykk deltek!

Generell info om bedrifta

1. Kor gammal er bedrifta?

- (1) q 0-5 år
- (6) q 6-15 år
- (7) q 16-25 år
- (8) q 26-40 år
- (2) q Over 40 år

2. Kva er gjennomsnittsalderen på dei tilsette?

3. Kor mange årsverk er det i bedrifta?

4. Kor mange prosent av dei tilsette er kvinner og kor mange prosent av dei tilsette er menn?

Kvinner _____

Menn _____

5. Kor stor prosentandel av dei tilsette er autoriserte?

6. Kva er alderen på dagleg leiar?

- (1) q Under 20
- (8) q 20-29
- (9) q 30-39
- (10) q 40-49
- (11) q 50-59
- (12) q 60-70
- (13) q Over 70

Skybasert rekneskap er ein type programvare, som gjer det mogleg for både rekneksparføararen og kunden å oppdatere samt sjå informasjon når som helst, kvar som helst. Informasjonen er lagra i "skyen", og ikkje på ein lokal server.

Ja, heilt vil seie at kunden kan logge seg på programvaren de brukar for å føre rekneskap og legge inn opplysningar sjølv.

Ja, delvis vil seie at programvaren tilbyr at kunden kan logge seg på, men at dykkar bedrift ikkje tilbyr det til kunden endå.

Nei vil seie at programvaren de nyttar ligg på ein lokal server i dykkar lokale.

7. Brukar dykkar bedrift skybasert rekneskap?

- (1) q Ja, heilt
- (2) q Ja, delvis
- (3) q Nei

Dersom «nei», hopp til spørsmål 15. Dersom «ja, heilt» eller «ja, delvis» fortsett på neste spørsmål.

8. Når byrja dykk med det?

- (1) q 0-1 år sidan
- (2) q 2-5 år sidan
- (3) q 5 eller fleire år sidan

9. Kvifor byrja dykk med det? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) q Kostnadssparande
- (2) q Etterspørsel frå kunden
- (3) q Ynskje om å halde seg moderne
- (4) q Ressurssparande

- (5) q Fleksibilitet
- (6) q Slepper å ha eige IT-miljø med server og driftsansvar
- (7) q Anna: _____

10. Kor stor prosentandel av rekneskapa er skybasert?

Digitalisert rekneskap vil ha mange av dei same funksjonane som skybasert rekneskap, men programvaren er ikkje nødvendigvis skybasert og kunden kan ikkje logge seg på sjølv og leggje inn data. Mange av funksjonane er automatiserte, f.eks. vil ein elektronisk faktura som ein mottek gå igjennom systemet meir eller mindre automatisk heilt fram til fakturaen er betalt i banken og bilaget er bokført automatisk i rekneskapsystemet.

11. Kor stor prosentandel av rekneskapa er digitalisert?

12. Dersom kunden kan logge seg på ei skybasert løysning, kva moglegheiter har kunden?

(Det er mogleg å velje fleire)

- (2) q Lese oppdatert rekneskap
- (3) q Registrere ordrar
- (4) q Registrere timar
- (6) q Registrere reiser
- (7) q Anna: _____
- (8) q Kunden kan ikkje logge seg på

13. Kor fornøgd trur du/dykk kundane er med dei digitale tenestane de tilbyr?

- (1) q Svært fornøgd
- (2) q Fornøgd
- (3) q Nøytral
- (4) q Lite fornøgd
- (5) q Misfornøgd
- (6) q Tilbyr ikkje

14. Kva tenestar trur du/dykk kundane dykkar eventuelt saknar?

Hopp til spørsmål 19.

15. Kvifor brukar dykk ikkje skybasert rekneskap?

Digitalisert rekneskap vil ha mange av dei same funksjonane som skybasert rekneskap, men programvaren er ikkje nødvendigvis skybasert og kunden kan ikkje logge seg på sjølv og leggje inn data. Mange av funksjonane er automatiserte, f.eks. vil ein elektronisk faktura som ein mottek gå igjennom systemet meir eller mindre automatisk heilt fram til fakturaen er betalt i banken og bilaget er bokført automatisk i rekneskapsystemet.

16. Kor stor prosentandel av rekneskapa er digitalisert?

17. Kor fornøgd trur du/dykk kundane er med dei digitale tenestane de tilbyr?

- (1) q Svært fornøgd
- (2) q Fornøgd
- (3) q Nøytral
- (4) q Lite fornøgd
- (5) q Misfornøgd
- (6) q Tilbyr ikkje

18. Kva tenestar trur du/dykk kundane dykkar eventuelt saknar?

Tankar om digitalisering i rekneskapsbransjen

Digitalisering skal bidra til å effektivisere oppgåver, redusere kostnader, frigjere tid samt gje meir fornøygde tilsette.

19. Dersom bedrifta har digitalisert seg, kva prosessar er digitalisert? (Det er mogleg å velje fleire)

- (1) q Mottak av faktura (EHF-faktura)
- (17) q Bilagsføring av faktura (EHF-faktura)
- (2) q Sending av faktura (EHF-faktura)

- (3) q Purring
- (4) q Inkasso
- (5) q Betaling av inngående faktura
- (8) q Oppdatering av innbetaling
- (14) q Reiserekningar
- (15) q Utlegg
- (12) q Ferieynskjer
- (13) q Fråvær
- (9) q Timeregistrering
- (10) q Godkjenning av faktura
- (11) q Rapportering
- (18) q Ingen av desse gjeld vår bedrift
- (16) q Anna: _____

20. Kva for rekneskapsprogram brukar dykk? (Det er mogleg å velje fleire)

- (13) q Agrol
- (1) q Duett
- (4) q Fiken
- (6) q PowerOffice Go
- (3) q Tripletex
- (14) q Uni Economy
- (2) q Visma Business
- (12) q Visma eAccounting
- (5) q 24/7
- (7) q Andre: _____

21. Har bedrifta som mål å bli meir digitalisert i framtida?

- (1) q Ja
- (2) q Nei
- (3) q Veit ikkje

22. Kva legg du/dykk i digitalisering? (kort)

23. Trur du/dykk kunstig intelligens kjem til å ta over for rekneskapsføraren?

- (1) q Ja, heilt
- (4) q Ja, delvis

- (2) q Nei
- (3) q Veit ikkje

24. Ser du/dykk behov for å måtte redusere bemanninga i framtida?

- (1) q Ja
- (4) q Nei
- (5) q Veit ikkje

Automatisering er ein teknikk for å få system til å fungere, utan eller med liten grad av menneskeleg medverknad. Teknikken blir brukt der det er ønskjeleg å erstatte menneskeleg arbeidskraft med sjølvverkande system, blant anna i rekneskapsbransjen.

25. Korleis trur du rekneskapskontoret ditt taklar ein eventuell nedgang i rekneskapsarbeid, på grunn av automatisering?

26. Korleis ser du for deg framtida som rekneskapsfører? Korleis ser arbeidsdagen for ein rekneskapsfører ut om 10 år, med hovudfokus på kor langt digitaliseringa har komme?

- (1) q Arbeidsoppgåvene er som no
- (3) q Arbeidsoppgåvene består av mindre rekneskapsføring og meir rådgivning
- (2) q Arbeidsoppgåvene består av kun rådgivning
- (4) q Det er ikkje behov for rekneskapsførarar meir
- (5) q Anna: _____

27. Kva fordelar ser du/dykk med digitalisering i rekneskapsbransjen?

28. Kva ulemper ser du/dykk med digitalisering i rekneskapsbransjen?

Tusen takk for hjelpa! Tykk på "avslutte" for å sende inn skjemaet.



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave - BO6- 2011

BO6-2011-BO-2021-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2021 09:00	Termin:	2021 VÅR
Sluttdato:	19-05-2021 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BO6-2011 1 BO 2021 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	275
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	18100
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	15
Andre medlemmer i gruppen:	210

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei